



KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE FRÆNA KOMMUNE

2020 - 2023



Innhold

1.	Samandrag	1
2.	Innleiing	1
2.1	Medverknad	1
2.2	Mål.....	3
3.	Plangrunnlag	3
3.1	Rammer for planarbeid.....	3
3.2	Lover	3
3.3	Nasjonalt nivå	3
3.4	Regionalt nivå	3
3.5	Fylkesplan Møre og Romsdal fylkeskommune.....	3
3.6	Lokalt nivå.....	3
4	Grunngjeving og kriteria	3
4.3	Vernekategoriar.....	4
4.3.1	Freda/fredingsverdig kulturminne og kulturmiljø med heimel i Kulturminnelova.....	4
4.3.2	Verna/verneverdige kulturminne/kulturmiljø	4
4.4	Kriteria brukt i vurdering av kulturminne i Fræna.....	4
5	Utvikling og endring – Fræna si historie.....	4
6	Kunnskapsgrunnlaget.....	6
	Automatisk freda kulturminne	7
6.3	Fornminne	8
6.3.1	Bogestille	9
6.3.2	Helleristing- «Talstadmannen»	9
6.3.3	Gravfelt.....	9
6.3.3.1	Sandvikhagen – største gravfelt i Romsdal	10
	Strandgravrøyser på Male.....	10
6.3.4	Andre kulturminne i utmark.....	10
6.4	Næringsliv.....	11
6.4.1	Landbruk.....	11
6.4.1.1	Bureisingsbruk - «Nyjord»	13
6.4.1.2	Smørmeieria	13
6.4.1.3	Kverner/møller	13
6.4.1.4	Slakteri og garveri.....	13
6.4.1.5	Smier.....	14
6.4.1.6	Torvproduksjon	14
6.4.1.7	Kalk og Kalksteinomnen i Moa-elva	14
6.4.1.8	Kraftproduksjon.....	14
6.4.2	Skog og sagbruk.....	15
6.5	Fiske.....	15

6.5.1	Tarebrenning	16
6.5.2	Fiskereiskapen og båtane	17
6.5.3	Båtbyggeri og reparasjon	19
6.5.4	Foredling av fisk.....	19
6.6	Handel	20
6.6.1	Bank og forsikring.....	20
6.7	Industri	21
6.7.1	Konfeksjonsindustri.....	21
6.7.2	Industriutvikling.....	21
7.5.3	Sementstøyperi	21
6.8	Kulturmiljø.....	21
6.8.1	Fiskeværa.....	22
6.8.2	Fiskarbonden	22
6.8.3	Bryggje og hermetikkfabrikk på indre Harøy.....	23
6.8.4	Teistklubben	23
6.8.5	Setermiljø	23
6.9	Krigen si historie	24
6.10	Kyrkjer, gravstader og bedehus.....	25
6.11	Sosialt liv.....	26
6.11.1	Lag og foreiningar	26
6.11.1.1	Ungdomslaga	26
6.11.1.2	Religiøse foreiningar	27
6.11.2	Musikk, song og dans	27
6.11.2.1	Kor og korps.....	27
6.11.3	Mattradisjon	27
6.11.4	Handverkstradisjonar	28
6.11.4.1	Ull, spinning og farging	28
6.11.4.2	Strikking	28
6.11.4.3	Veving	28
6.11.4.4	Husflid og handtverk som yrke	28
6.11.4.5	Garving	29
6.11.4.6	Skomakar	29
6.11.5	Folketru og folketradisjon	29
6.11.5.1	Primstaven og gamle vêteikn	29
6.11.6	Stadnamn	30
6.11.7	Skuler	32
6.11.7.1	Etablering av skulebygg rundt om i kommunen.....	32

Gamle skuler som er trygga.....	32
6.12 Samferdsel.....	33
6.12.1 Person- og godstransport på veg	33
6.12.2 Sjøfart	33
6.12.2.1 Dampskeipsanlegg.....	33
6.12.2.2 Fyrstasjonar og fyrlykter.....	34
6.13 Lause kulturminne.....	34
7 Korleis tek vi vare på kulturminna.....	35
7.3 I planperioden	35
7.4 Lokalt arkiv og oppbevaring	35
7.5 Handlingsdel kulturminne	35
8 Arkiv, bibliotek og museum	36
8.3 Arkiv, bibliotek og museum.....	36
8.3.1 Fotoarkivet	36
8.3.2 Stadnamninsamling /kart.....	36
8.4 Bibliotek.....	36
8.5 Formidling.....	36
8.5.1 Årbøker «Gammalt frå Fræna»	36
8.5.2 Bygdebokarbeid.....	36
8.6 Museum.....	36
8.6.1 Museet på Ergan.....	36
8.6.2 Heimdalstunet på Tornes	37
8.6.3 Søre Bjørnsund Museum.....	37
9 Definisjonar og ordforklaringsar (RA, 2012)	37
10 Kjelder/Foto	38
11 Vedlegg	38
11.3 Vedlegg 1: Kulturminne i Fræna, registrert i 2016-2017.....	38
11.4 Vedlegg 2: Handlingsdel for kulturminne.....	38

1. Samandrag

Arbeidet med kartlegging og registrering av kulturminne er kategorisert i følgjande grupper: 1) Fornminne, 2) Næringsliv, 3) Krigsminne, 4) Kyrker og gravstader, 5) Sosialt liv og 6) Samferdsel.

I kulturminneplana er det forklart kva arbeidsmåtar som er nytta, kven som har delteke i arbeidet og kva mål og visjon ein tenkjer er rettleiande for forvaltning og skjøtsel av kulturminna. Det er vidare opplyst kva regelverk som styrer arbeidet med kulturminne, samt presisert kva kriteria som er brukt under vurdering av dei ulike kulturminna.

I kapittel 5 fortel historikar og tidlegare museumsdirektør ved Romsdalsmuseet Jarle Sanden kort om Fræna si historiske utvikling på overordna nivå.

Informasjonstyngda om kulturminna i Fræna er presentert under overskrifta «Kunnskapsgrunnlaget» i kapittel 6, der ein har gått inn i dei enkelte kategoriane og skildra kulturminne og kulturmiljø slik dei står per i dag. Presentasjonen er basert på kategoriane frå planprogrammet og kartlegginga av kulturminna.

Lista over kulturminne er deretter prioritert og vidareutvikla til ein handlingsdel som skal gje eit godt grunnlag for politisk vedtak om vidare tiltak for å ivareta, forvalte, formidle og bruke kulturminna og kulturmiljøa i kommunen. Sjølv handlingsdelen er lagt ved som eige dokument til kommunedelplan for kulturminne.

Det er samla inn mange gamle ord og seiemåtar i Fræna. Desse har fått mange til å smile etter at Frivilligcentralen i kommunen laga og har sal av T-skjorter der uttrykka er trykt på. Vi har tatt med ein del slike utsegn for å vise litt av mangfaldet i den lokale dialekta, lagt inn i eigne felt i teksten.

«Fole te styr»

2. Innleiing

Arbeidet med kommunedelplan for kulturminne vart starta straks kommunestyret vedtok å utarbeide denne. Kommunen søkte Riksantikvaren om midlar til å registrere kulturminna i kommunen. Det er gjort eit grundig kartleggingsarbeid som grunnlag for vidare fokus på bevaring av kulturminna.

Planen vert utarbeidd som kommunedelplan etter prosesskrava i plan- og bygningsloven, kapittel 11.

Planen skal leggast til grunn for kommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunen si planlegging. Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette.

Planarbeidet starta opp med at varsling av planoppstart og at planprogram vart lagt ut på høyring av Fræna kommunestyre. Høyringa vart kunngjort på kommunen si heimeside og i lokalavisa.

Planprogram for kommunedelplan for kulturminne 2016-2019 vart vedteke 13.06.2016 i kommunestyresak 75/2016, arkivreferanse 2015/484-15.

2.1 Medverknad

Planprogram for kommunedelplan for kulturminne 2016-2019 vart vedteke 13.06.2016 i kommunestyresak 75/2016, arkivreferanse 2015/484-15.

For å sikre ei brei lokal forankring og eigarskap til planen, har ein lagt stor vinn på å inkludere innbyggjarane gjennom historie-, sogelag og grendelag. Vidare har ein nytta lokalavisa og kommunen si heimeside til å orientere om planarbeidet og oppmode om å kome med innspel.

I forkant av utarbeiding av planprogrammet har det vært sendt ut brev til kommunens sogelag, velforeningar, museumslag og bygdekvinnelag i kommunen for å orientere om oppstart av arbeidet og med invitasjon til å komme med innspel. I brevet blei det orientert om planprosessen og korleis kommunen såg for seg medverknad frå kommunens innbyggjarar.

I forbindelse med det årlege dialogmøtet i februar der kulturenheten inviterer alle lag og organisasjonar til eit felles møte, var kulturminneplana eit av tre gruppetema. Her kom det inn fleire gode innspel.

Folkemøte

Kartlegging av kulturminna starta hausten 2016/ våren 2017, der arbeidsgruppa arrangerte i alt 7 folkemøte, først eit generelt orienteringsmøte, deretter lokale møte i kvar skulekrets slik;

- Aureosen/Jendem
- Hustad/Farstad
- Sylte/Malme
- Bud/Bjørnsund
- Tornes
- Haukås

I tillegg til folkemøte, har det vert et stort engasjement i Fræna kommune kring prosessen fram mot kulturminneplana. Kommunen har mottatt mange innspel heilt fram til og med høyringa.

Styringsgruppe:

Det er Plan- og utviklingsutvalget (PLØK) som er kommunens planutvalg, og PLØK har vært kommunens styringsgruppe.

Arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppa for utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne har bestått av representantar frå dei 3 tidlegare kommunane som slo seg saman til dagens Fræna kommune: Bjarne Harøy frå Bud, Palmer Sjåholm frå Hustad og Øyvind Vestad frå Fræna. I tillegg har arealplanleggjar Mona Skram Rustad, leiar i Bygdeboknemnd og redaktør i «Gammalt frå Fræna», Anne Holen Helseth samt tidelegare kultursjef Janny Meese og noverande kultursjef, Hanne Brakstad, vore med i arbeidet. Arbeidsgruppa har hatt i alt 15 formelle arbeidsmøte. I tillegg har deler av gruppa møtes ved behov undervegs i prosessen.

Referansegruppe

Denne gruppa har blant annet bestått av kommuneplanlegger i Fræna kommune, Fræna, Bud og Hustad sogelag og representant frå kommunens avdeling for byggesak, representant frå Romsdalsmuseet samt Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne gruppa har møtes ved fleire høve, ved behov for kompetanseinnhenting og felles refleksjon.

Visjon

Kommunen treng å samle seg rundt ein felles visjon i arbeidet med kulturminne som sikrar desse for framtida. Det tas sikte på å utarbeid ein visjon for arbeidet med kulturminne i plana for Hustadvika. Riksantikvarens visjon e slik:

Kommunane skal gjennom langsiktig satsing og prioriteringar
ivareta og forsterke sitt ansvar som forvaltar,
formidlar og vernar av kulturminne.

2.2 Mål

Utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne har som mål å styrke kompetansen på lokal kulturarv og bidra til at kommunen tek aktive grep for vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø.

Kommunedelplan for kulturminne har som hovudmål å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Fræna som flest mogleg er samde om. Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping.

Planen skal presentere viktige automatisk freda kulturminne og ei oversikt over kulturminne frå nyare tid med tilhøyrande handlingsprogram for korleis dei kan takast vare på. Oversikta vil gjere kommunen si forvaltning av fagansvaret klårare og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid. Det er å ha kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må handsamast etter det. Alle samfunnsinteresser treng ei oversikt til sine prioriteringar.

Planen skal leggast til grunn for innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.

Ein handlingsdel er utarbeidd på bakgrunn av dei innsamla kulturminne, og ei vurdering og prioritering av desse.

3. Plangrunnlag

3.1 Rammer for planarbeid

3.2 Lover

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminne (kulturminnelova)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakter sitt ansvar for kulturverksemrd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

3.3 Nasjonalt nivå

- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminne.
- Stortingsmelding nr 22 (2004-2005) Kultur og næring
- Stortingsmelding nr 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- NOU 2002:1 Fortid former framtid. Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk

3.4 Regionalt nivå

- Regional planstrategi 2012-216, T-7/12
- Fylkesplan 2013-2016, T-74/12

3.5 Fylkesplan Møre og Romsdal fylkeskommune

- Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi

3.6 Lokalt nivå

- Kommunal planstrategi 2016-2019 Fræna kommune
- Vedtak planprogram for kommunedelplan kulturminne i Fræna
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2005-2017

4 Grunngjeving og kriteria

Utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne er gjett prioritert i kommunal planstrategi 2016-2019. Ein må erkjenne at det er på høg tid å finne fram til kva kulturminne som skal ivaretakast og

korleis en skal vurdere dei mange innspela etter kartleggingsfasen. Planarbeidet er av ulike årsaker forseinka. Ein tek sikte på å samordne planane for Fræna og Eide til felles plan frå 2021.

4.3 Vernekategoriar

Basert på verdivurderingar kan kulturminne og kulturmiljø sikrast enten ved freding eller vern.

4.3.1 Freda/fredingsverdig kulturminne og kulturmiljø med heimel i Kulturminnelova.

Alle faste kulturminne frå før 1537 og alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova. Kulturminnelova legg òg premissar for vedtaksfreding av nyare fredingsverdige bygg og anlegg.

4.3.2 Verna/verneverdige kulturminne/kulturmiljø

Verneverdige kulturminne/-miljø kan skiljast i to vernegradar/-former.

Verneverdige kulturminne og kulturmiljø som vert vurdert til å ha stor lokal/regional verneverdi bør sikrast med særskilte tiltak, gjerne i samarbeid med grunneigarar og brukarar, eller ved regulering til omsynssone. For særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø bør det gjelda eit generelt riveforbod og endringsfråsegn.

Andre potensielle verneverdige kulturminne og kulturmiljø vil gjelda bygg og anlegg bygd før 1950 som utgjer ei stor gruppe kulturminne og kulturmiljø. Kommunen vurderer kvart enkelt tilfelle ved søknad om endring, riving og andre byggetiltak.

4.4 Kriteria brukt i vurdering av kulturminne i Fræna

Det er lite realistisk å ta vare på alle kulturminna. I forvaltninga av desse må vi kunne grunngje kvifor nokre kulturminne er meir verdifulle enn andre. Av faglege vurderingar som er vektlagt har vi m.a. sett på representativt, autentisitet og fysisk tilstand i tillegg til identitet og symbol.

Eit kulturminne eller kulturmiljø kan relaterast til fleire kriterium som kan overlappa og underbygge kvarandre, der det òg kan leggjast større vekt på enkelte kriterium enn andre. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

5 Utvikling og endring – Fræna si historie

Av Jarle Sanden

Det «årna se i sjynå» er et av slagordene for kampanjen «i e frening i» Uansett hvor en snur og vender på det så er natur- og kulturlandskapet på Romsdalskysten generelt og i dagens Fræna kommune spesielt, lett å lese reint historisk. Landskapet er karakterisert av ei flat kystslette som møter havet – Hustadvika – med 6-700 meters fjell i nord og sør som stiger rett opp fra kystflata.

Vi er på ytterkysten av Romsdal, med hav, fjorder, bukter, våger, brede og trange sund. Mellom de vestlige «øyane i solnedgangen og fjellmassivet i øst som Edvard Hoem skriver, ligger åkrene langs fjordene. Dette er blant Romsdals eldste landskap med spor etter folk – kulturminner – som går 10-11 000 tusen år tilbake. Takket være laks, kveite, sild, torsk, sei, skogsvilt som eter, bever, fjellrev, røyskatt og ekorn, samt sjøvilt som fjordsel og sjøfugl så var det mulig å slå seg ned her. Landskapet framstår som både fruktbart og karrig, dramatisk og flott. Det samme gjelder havet og det undersjøiske landskapet, med fiskeplasser, klakker og farlige grunner og fall. Hustadvika er berømt og beryktet som et av de farligste havstykkene langs norskekysten. Den er og var et spiskammers, men samtid en skipskirkegård. Havet gir og havet tar. Minnesmerkene på kirkegardene over omkomne på havet er viktig for folk.

Det var dette matfaret som var utslagsgivende for at den første freningen sa at «her vil i bo». De var ikke freninger i dagens betydning, men la oss likevel kalle dei det. Folket var nok halvnomader i noen tusen år, og levde som fiskere og jegere. Etter hvert begynte de å dyrke korn og holde husdyr og ble fastboende. Garden begynte å ta form. Det ble fiskerbønder og kystkvinner. Utslagsgivende for bosettingen var tilgang på et mangfold av ressurser fra sjø og land gjennom hele året.

Ut fra funn av gravrøyser, hustufter og kokegropes skiller Julsundet og landskapet på aksen Hoem – Tornes, samt Farstad, Male og Hustad seg klart ut som de eldste og mest sentrale bosettingsområdene på Romsdalskysten. De utgjør urgarder, som organiserte territorier som gjennom tusener av år har blitt delt opp i mindre garder, som igjen har formet grender, bygder, fiskevær og tettsteder – slik vi faktisk mer eller mindre ser hovedtrekkene i landskapet i dag, med unntak av veger, kaier, skoler, butikker osb.

Området, og særlig fiske i havet, har gitt mat til freningene og har dessuten i foredlet form produsert handels- og eksportvarer, og dermed økonomiske verdier for regional, nasjonal og internasjonal handel. De viktigste fiskeriene har utvilsomt vært de etter torsk og sild, både hva gjelder hverdagsmat, handel og økonomi.

Funn bekrefter dette. På Indre Hoem er det funnet en spiralnål i bronse av utenlandsk opphav – et uttrykk for internasjonal byttehandel, overskudd og for kvinner med makt, status og estetisk sans.

Like interessant er Talstadmennen – en flere tusen år gammel helleristning av en dansende mann. Freningene hadde tydeligvis kultritualer, kanskje som takk til naturen for maten eller til andre formål?

Havets ressurser for freningene ble enda viktigere i nyere tid, særlig etter middelalderens slutt. Kysten var ikke bare et rikt matfat men også ei ferdelsåre nasjonalt og i forhold til handel og kontakt med verden. På 1500- og 1600-tallet ble hollendernes behov for trelast også ei oppgangstid for kystområdene, inkludert dagens Fræna.

Handelsstedet Bud
vokste fram fordi
lokalisering i forhold
til fiskerier og sjøverts
samferdsel var så
gunstig.

Trelasthandelen var
viktig på 1600-tallet,
men det var uten tvil
fiskeriene etter torsk
og sild som over tid
var viktigst for
framveksten av
fiskeværene Bud og
Bjørnsund, for
handelsstedet
Harøysund, Vikan,
Ersholmen, og for
bosettingsutviklinga
på Hustad og Farstad.



Bud

Her var det store historiske garder og småbruk «...mellan bakker og berg utmed havet». Dette var i hundrevis av år sildas og torskens landskap både på land og sjø. Klippfiskberg (tørkeplasser for klippfisk) og tørrfiskehjeller var synlige spor i landskapet. Slutprodukten var eksportvarer til det europeiske markedet og delvis til Mellom- og Sør-Amerika. Hvilke produkt som var viktigst varierte over tid. I sum gav dette mat og «peng». Fiskeriene etter sild og torsk, men også sei, kveite, laks og lange var også viktig.

Produktene var i tillegg viktig for regional handel til fjordbønder, og østlendinger var regionens viktigste grunnlag for verdiskaping og vekst på 1600-, 1700- og 1800-tallet, ja til langt inn på 1900-tallet. Etter hvert ble foredlingen av sild og fisk mer og mer industriell, men like fullt viktig. Om lukta fra sildeoljefabrikken i Harøysund ble det sagt at det «lukta peng» og klippfisken ble tørket i

hovedsak innomhus av elektriske vifter. Verdiskapningen knyttet til fiskeriene var så viktig at handelsmenn i både Molde og Kristiansund konkurrerte om å kontrollere produksjon og handel i fiskeværene. Arbeidet var fundert på kombinasjonen jordbruk og fiske, men i tillegg var livberginga langs kysten et typisk mangesyssleri, med flere «attåtnæringer». Eksempler på det var smier, sagbruk, tarebrenning, båtbygging, kverner, slakterier og møller. Yrkesspesialisering hører etterkrigstida til, med strukturendringer i retning av eneyrkesfisker og bonde på heiltid.

«Njord» etter første verdenskrig representerte noe nytt i forhold til det gamle bosettingsmønsteret. De flate kystslettene i kommunen, som delvis var myraktige, kunne nå takket være nye dreneringsmetoder dyrkes opp.

Njordsgardene ble større, åkrene store og muligheten for å leve av den ble tilsvarende større. Njordgardene skiller seg klart ut i dag også og pekte framover til Fræna som en stor landbrukskommune, med mindre orientering mot fiskeri og sjøbruk.

På 1900-tallet ble det også etablert nye næringer: mekaniske verksteder, konfeksjonsverksteder, hermetikkfabrikker osb. Alt dette har etterlatt seg et kulturlandskap og et bosettingsmønster som er de historiske byggeklossene vårt tid hviler på. Det var naturen, land og sjø som la premissene for hvor forfedrene våre slo seg ned og for hva de jobbet med. Det var et liv med stuer og driftsbygninger «mellan bakkar og berg utmed havet», og ikke minst med båter på havet og i naustene. Med teknologisk utvikling ble båtene større med tilsvarende behov for havneutbygging med moloer som er karakteristiske innslag i dagens kystlandskap med særlig synlighet i Bud, Bjørnsund, på Storholmen og Askvågen – interessante kulturminner som dokumenterer kystsamfunn i endring.

Mens det gamle Fræna ble bosatt utmed havet og forteller fiskerbondens landskap da sjøen var både spiskammers og ferdelsåre, er dagens bosetting styrt av helt andre kriterier. Veg og bil har overtatt for sjø og båt. Handel- og sørvis, offentlig- og privat legger premissene for hvor det blir sentra og for hvor vi bor og arbeider. Det er i dette lyset vi ser framveksten av Elnesvågen, dagens kommunesenter, der også de største industribedriftene er lokalisert, med store boligområder, som i motsetning til fiskebondetida, ikke sier noe om hva vi lever av.

Likevel er det viktig å bruket uttrykket «det årna seg i sjynå», selv om det betyr noe annet i dag enn før. Vårt felles sprak er også en del av vårt kulturminne.

6 Kunnskapsgrunnlaget

I løpet av planperioden har det blitt samla inn totalt 239 innspel, som vart registrert i ei tematisk oversikt saman med regionale registreringar, totalt 282 registreringar, fordelt på desse tema:

- Fortidsminne – 27 innspel
- Næringsliv – 185 innspel
- Krigshistorie – 10 innspel
- Kyrkjer og gravstader – 12 innspel
- Sosialt liv – 21 innspel
- Samferdsel, inklusiv sjøfart – 27 innspel

Så langt som råd er alle geografiske opplysingar stadfesta med gards-/bruksnummer. Liste over dei innsamla kulturminna finn de i eige vedlegg til kulturminneplana: «Kulturminne registrert i Fræna 2016 – 2017».

Dei tidlegaste kulturmiljø og veganlegg er frå stein- jarn- og bronsealderen. 8 av desse stadene er automatisk freda. Den gjennomførte kartlegginga til kulturminneplana gjev ei samla kulturhistorisk oversikt inndelt i tema som gjer informasjonen lett tilgjengeleg.


Fræna kommune har sidan 1981 gjeve ut ei årbok, «Gammalt frå Fræna», som handlar om livet og tilhøva i kommunen frå gammalt av. I tillegg er det gjeve ut fleire minneskrifter knytt til

kyrkjejubileum for Vågøy, Myrbostad, Bud og Hustad kyrkjer, samt skrift om Riddarsalen i Bud.

Automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå oldtid og middel alderen fram til 1537 er automatisk freda kulturminne. Desse er registrert i Riksantikvaren si offisielle database kalla «Askeladden». For Fræna kommune finn vi registrert ca. 850 enkeltregisteringer under automatisk freda kulturminne, fordelt på desse kategoriane:

- 47 buplassar/
busetnadsspor/hustufter/
murar/tufter
- 15 eldstad/kokegropar
- 8 nausttufter
- 2 skipsvrak
- 3 kyrkjegardar
- 512 gravrøyser/gravhaugar
- 5 bautasteinar
- 13 dyrkingsflater/åkerrein
- 1 fangstgrav
- 86 røyser/rydningsrøyser
- 1 kavlebru
- 9 groper/heller/håler
- 3 kulturlag
- 1 lausfunn
- 3 slaggfunn
- 3 steinkonstruksjonar/steinleggingar
- 83 stolpehol
- 33 aktivitetsområde
- 3 andre arkeologisk enkeltminne



Kartet er henta frå Riksantikvarens si kartteneste i www.askeladden.no og syner kor Fræna kommune sine automatisk freda kulturminne er registrert.

Fargekoder:

Rød = Fredet objekt

Orange = Vernet eller under fredning

Brun = Sammensatt vernestatus (finnes kun på lokaliteter av kategori bebyggelse – infrastruktur og kirkested hvor minimum ett enkeltminne er fredet)

Grå = Uavklart vernestatus eller tidligere fredete objekt

Den aller første faste busettinga her i landet kom på kysten av Hustadvika. Det første kjente namnet på havstykket var Mare, frå 9200 år f.Kr.

I Snorres Heimskringla står at Kong Øystein Magnusson døydde på Hustad i år 1123 på kongsgarden der. Alle spor etter kongsgarden er vekk i dag.

Byggeskikken i Fræna speglar aktiviteten til innbyggjarane, lokaliseringa og klimaet. Fræningane har hatt sin aktivitet på land og på sjø. Fræna ligg i eit værhardt område med mykje vind, mykje nedbør og til tider mykje tung snø.

6.3 Fornminne

Det er registrert ca. 260 område med fornminne i Fræna kommune. Oversikt over desse kulturminna finn ein i Riksantikvarens database Askeladden eller Kulturminnesøk som er tilgjengeleg på desse nettsidene: <https://askeladden.ra.no/> og <http://www.kulturminnesok.no/>. Dei fleste fornminna i Fræna er gravrøyser av litt ulik storlek og buplassar frå steinalderen. Steinalderbuplassane er ofte lokalisert gjennom funn av reiskap og avslag av flint, gjerne i form av økser og pilspissar.



Kong Øystein Magnusson

Under kartleggingsarbeidet vart 7 kulturminne frå fornminnetida gjett særleg merksemد:

Ref.	Gnr./Bnr.	Namn	Kvar	Kategori	Type	Stilart	Alder
1		Bogestillingar	Aure	Kulturminne	Jakt og fangst		Jarnalder/Middelalder
2	58/2.4	Bogestillingar	Rødal	Kulturminne	Jakt og fangst		Jarnalder/Middelalder
3		«Talstadmannen»	Hatle	Kulturminne	Helleristning	Bergkunst	Steinalder
4	84/1,5,17	Sandvikhagen gravfelt	Sandvika	Kulturmiljø	Gravminne	Gravrøyser	Ca. 1000 år
5		Gravfelt Male	Male	Kulturmiljø	gravminne	Gravrøyser	Ca. 1000 år
6		Nordneset	Farstad	Kulturmiljø	gravminne	Gravrøyser	Ca. 1000 år
7		Hogsneset	Nerland	Kulturmiljø	gravminne	Gravrøyser	Ca. 1000 år
8	13/1	Funnstad gull	Tornes	Kulturminne			

6.3.1 Bogestille

Bogestille eller «bogestøe» er ei enkel skytestilling, hesteskoforma eller halvsirkelforma steinmur som jegeren/bogeskyttaren kunne skjule seg bak. Det er svært uvanleg å finne slike så langt ut mot kysten. I Rødalen i Sylteosen er den best bevarte og tydlegaste bogestillen funne langt opp i Trondalen sør for Trondalsvatnet, i 497 meters høgde.

Den andre oppmuringa ligg lenger ned, ved inngangen til Trondalen (348 moh), i ei litt bratt skråning ved foten av Kvannfjellet, nord for Fosshaugen.

Det er også funne liknande oppmuringar på Aure i Aureosen.

Funna frå Rødal og Trondalen er truleg frå jarnalderen eller middelalderen, kanskje mest sannsynleg innanfor tidsrommet 800 –1500 e.Kr. Det er også merke etter andre fangstmetodar som t.d. dyregraver ulike stader i fjella.



Bogestille i Trondalen

6.3.2 Helleristing- «Talstadmannen»

Helleristainga på Hatle er den einaste i sitt slag her i Fræna og er truleg frå bronsealder, ca. 3000 år gammal.

6.3.3 Gravfelt

Som nemnt er det i databasen «Askeladden» registrert 512 gravrøyser/ gravhaugar i Fræna kommune. Vi nemner her dei to største felta.



Talstadmannen. Helleristning på Hatle

6.3.3.1 Sandvikhagen – største gravfelt i Romsdal
 På ei slette nedanfor Stemhesten, i «Sandvikshagen», ligg det største gravfeltet i Romsdal. Her er det funne over 140 gravrøyser. Gravrøysene er av varierande storleik. Så lenge det ikkje finst daterande funn er det umogleg å gje ei nøyaktig tidfesting av bruken av gravfeltet i Sandvikshagen. Det mest sannsynlege er at gravfeltet er frå eldre og/eller yngre jernalder, men vi kan ikkje sjå vekk frå at gravfeltet, eller deler av det, går attende til bronsealderen.



Gravfeltet i Sandvikhagen

[Strandgravrøyser på Male.](#)

Gravfeltet på Malefeten er første gong nemnt av Gerhard Schøning i 1773. Registreringar frå 1870-åra viser at gravfeltet på dette tidspunkt talte omkring 70 gravrøyser. Gjennom tidene er feltet mykje rasert.

I 1890 utførte adjunkt K. Lossius utgraving i 10 av gravrøysene, men oversikt frå arbeidet er svært mangelfulle og det er i dag uråd å seie kva gravrøyser som vart undersøkt. Av gjenstandane som blei funne kan nokre tidfestast til eldre jernalder mens andre er naturleg å plassere innafor perioden yngre jernalder/vikingtid. Deler er gravfeltet er restaurert og teke vare på.

6.3.4 Andre kulturminne i utmark

Mange av dei eldste kulturminna er å finne i utmarka. Vi nemner nokre av desse kort her:

Bruk av vardar for å sende signal i tidlege tider var også vanleg i Fræna. Vi kan her nemne «Sjurvarden», brukt som varsel av krig, varden på Hestøyre bygd i Håkon den Godes tid og Losvarden på Farstad.

På Melen finst ein steingard som kan ha vore oppsett for dyra som beita på fjellet.

Steingarden frå Melen til Sjurvarden ligg nett der grensa mellom Nordmøre og Romsdal gjekk i 1658 ifølgje ei grenseforretning frå det året.



Steingard på Melen

På Lågheia finn ein restar etter ledegjerde i stein, truleg brukt under fangst for å lede viltet i bestemte retningar.

Det er funne rester etter ein kavleveg mellom Bud og Hustad, den såkalla «Kongevegen». Ei kavlebru eller ein kavleveg er ein veg eller sti over myr eller andre blauge område som er forsterka med «kavler», dvs. runde eller kløyvde stokkar lagt tett i tett inntil kvarandre, vanlegvis på tvers av ferdsleretninga. Stokkane fordeler trykket av dei som ferdes på vegen og hindrar at dei søkk ned i myra.

På Jendem finn ein kvilarsteinen der folk brukte å ta seg ein kvil undervegs. Det finst òg ein «Gjetarstein» mellom Forhaug ovafor stien mot Jendemsfjellet der det er opning for ly til både dyr og gjetar.

Bauta/ Minnesteiner

Det er mange bautasteinar og minnesteinar i Fræna. Enkelte er reist i nyare tid, mens andre er gamle. Mange av dei er minnesmerke over sjøfolk og fiskarar som er omkomne på sjøen, men det er òg mange bautasteinar over kjente personar frå området. Vi har her tatt med 2 bautaer:

Hermundsteinen er reist i 1936 til minne om Hermund prest, den første presten i Vågøy. Denne steinen er henta frå Jendemsfjellet, mellom Seterbotnen og Løvenskaret.

Bauta over Riksmøtet i Bud i 1533, plassert på Ergan. Reist i 1933, tatt ned av tyskarane i 1941 og reist igjen 17. mai 1946.



Bautastein, Riksmøtet i Bud

6.4 Næringsliv

Næringslivet i kommunen spring naturleg ut frå fysiske livsforhold og tradisjonar i området. Frå gammalt var det landbruk og fiske som var hovudnæringane og sette preg på utviklinga av nye næringar. Framvekst av nye næringar var resultat av teknologisk utvikling og kompetanse hos folket.

6.4.1 Landbruk

Fræna var og er den største jordbrukskommunen i Møre og Romsdal, men endring i landbruket med større og færre bruk er òg typisk her. I 1987 vart det opplyst at Fræna var den største landbrukskommunen mellom Bergen og Trondheim, med om lag 54 000 dekar eigna for moderne maskiner fordelt på ca. 540 bruk. I 2017 var det dyrka arealet på 54 000 dekar, mens talet på bruk var nede på 177, dei fleste mjølkeprodusentar eller sauebønder.



Haukås gard, Elnesvågen

Næringa er den sektoren som har betydd mest for å oppretthalde busetnad og sysselsetting i kommunen. Over dei siste 200 år har jordbruket utvikla seg frå sjølvbergingsjordbruk med høg innsats av manuell arbeidskraft på små areal, til ein i dag gjennom spesialisering, bruk av høg teknologi og stor kapital produserer store mengder husdyrprodukt for sal.

Gardane og dei dyrka areala ligg ofte på strandflate – i nivå under den gamle marine grense. Den gamle strandlinna er ofte grensa mellom dyrka mark og fjellet. Det gode naturgrunnlaget har betydd mykje for utviklinga av jordbruksnæringa i tillegg til klimatiske tilhøve gode nok til å gje årvisse og gode avlingar.

Dyrehalde var i stor grad avpassa etter det som folket på gardane trøng av husdyrprodukt. Det meste av jordareala var nytta til dyrking av matkorn og potet medan husdyra måtte livnære seg av det som vokser i utmarka og på fjellet, gjennom uteslåtten og rissanking av lauv.

Bygningane langs fjorden ligg orientert etter fjordretninga. I ytre ligg bygningane orientert etter den dominante vindretninga.

Våningshusa var lafta og kledd med ståande kledning. På vårsida var det bygd torvsval i heile bredda og høgda av bygget. Taket var tekt med never og torv, men etterkvart blei det vanleg med skifer.

Rominndelinga er typisk romsdalsk. Inngangsdør midt på der ein går inn det rommet Freningen kallar «dæra». Og deretter kjøkkenet rett fram. Til høgre og venstre ligg det stuene. Frå kjøkkenet går det dør inn til kammerset. Uti «dæra» går det trapp opp til loftet der soveromma ligg. Under stua var det grave ut frostfri kjellar for vinterlagring av potet.

Stabbura hadde ofte ei tømra kjerne med sval i rundt. Eit godt døme her er Stabburet på Lindset, over 400 år gammalt, og stabburet på Berget i Bud frå 1700-talet.



Pløging frå Farstad Nyjord ca 1925



Stabbur frå 1600-talet på Lindset i Malmefjorden

Uthusa

Låvar, naust og sjå er som regel bygd i grindverk med ein lokal gjennomprøvd variant i planlegging og utforming som toler sterkt vind og tung snø. Det er også eksempel på at uthusa er lafta, til dømes låven på Haukås og nausta i Kvalsneset. Utedo var enkle hus plassert i utkanten av tunet, gjerne som eit tilbygg til fjøset.

Husmannsplassane kunne vere noko enklare, med fjøs i eine enden av huset og folk i den andre. Døme på dette finn vi på ein tidlegare husmannsplass på Åndal.

Setrene hadde ofte fleire av dei same husa som på garden, berre noko enklare.

Det var vanleg å ha eigne sommarfjøs i utmarka på gardane. Framleis kan ein sjå slike, t.d. i Malmefjorden.

Mjølkeramper langs vegane var eit vanleg syn, ofte også nytta som «møteplassar» for ungdommen.



Husmannsplass på Åndal

Tappestad for vatn

Vi kjenner til tre tappestader for vatn; ein ved Mansonigarden i Bud frå 1928, ein ved Breidablikk, og ein ved Moensmia i Smiabakken.



Tappestad i Bud

6.4.1.1 Bureisingsbruk - «Nyjord»

Det gode naturgrunnlaget i kommunen opna for stor nydyrkingsaktivitet, særleg etter 1. Verdkrig grunna innføring av politisk verkemiddel for å skape auka sysselsetting i distrikta, motverke utvandringa og auke sjølvbergingsgraden. «Selskapet Nyjord» vart stifta i 1908 med undertittel «Selskapet til emigrasjonens innskrenking». Selskapet blei døypt om i 1915 til «Ny-Jord» og bureising var då hovudoppgåva.

I 1918 hadde selskapet eit felt på Farstad på 2132 dekar, og eit på Myrbostad på 818 dekar. Seinare kom Stavik, Hatle, Skjelbreia, Skarset, Nerland, Tverrfjell og Fjellmyr til, og nærmere 100 nybrotsbruk vart etablert gjennom åra.

6.4.1.2 Smørmeieria

I slutten av 1890-åra starta 7 lokale små meieri i kommunen eksport av smør til England. Dei fleste vart avvikla i perioden 1903 til 1907 på grunn av stor konkurranse frå større meieri utanlands. Det finst ikkje noko igjen av dei gamle smørmeieria, men Bolsøy Meieri etablerte i 1962 meieri på Eidem som i dag er Tine, og har produsert m.a. Jarlsbergosten gjennom mange år.



Nyjordsbruk på Ny-Jord Farstad

6.4.1.3 Kverner/møller

Det var tidlegare mange kverner i kommunen. I dag er det berre rester etter dei fleste.

Elvebakken mølle ved Moa-elva vart bygd på slutten av 1800-talet og er restaurert. Kverna er òg satt i stand og kan brukast. Her har ein ope dag ein gong i året der folk får høyre historia og smake på byggmjølsgraut.



Elvebakken mølle

6.4.1.4 Slakteri og garveri

Det var vanleg at folk på bygdene slakta sjølve til eige bruk, men det vokste fram ei næring for slaktarar som hadde eige slakteri med sal og kjøp, eller som drog rundt på gardane og tok seg av slakting. Eit av dei meir kjente slakteria var Fr. Sandblåst som kan sporast til tidleg på 1800-talet.

6.4.1.5 Smier

Det var fleire gardar som hadde eiga gardssmie. Vågsetersmia i Elnesvågen sentrum frå 1896 er eit bygg som vart flytta frå ein av gardane på Haukås til der ho står i dag. Her står alt utstyr slik det var då ho var i drift. Smia var i delvis bruk fram til 1980-talet. Fræna Sogelag har tidvis open dag med smed i arbeid og inviterer folk til å komme og sjå.



Vågsetersmia

6.4.1.6 Torvproduksjon

Bruk av torv til brennsle var normalt på gardane, med torvonn etter våronna.

Kvaliteten på torva avgjorde kor mykje torv ein måtte ta til eige bruk, der 3-4 stakkar var det vanlege. Bruk av torv var vanleg fram til 1950 til 1960-talet.

På grunn av mangel på kol under 1. Verdskrig blei det i året 1916 sett i gong produksjon av brenntorv på Aas-garden. Fabrikken hadde opptil 50 tilsette og var truleg i drift fram til 1922.

6.4.1.7 Kalk og Kalksteinomnen i Moa-elva

Kalk blei brukt i byggverk og dei eldste spora etter kalk i byggemateriale her i Norge er frå 1100-talet. Omnen ved Moaelva vart truleg bygd nokre år seinare, rundt 1917. Det var fleire bønder som var saman om omnen og brente kalkstein.

Like nedfor omnen som ligg mellom Husmannshølen og Kalvøyhølen i Moaelva går det ei kalksteinsåre tvers over elva. Ved lite vassføring blei det hogd av denne kalksteinen til brenning.



Kalksteinsomnen i Moa-elva

Omnen blei brukt fram til starten av 1920-talet og er den einaste kalksteinsomnen som er teke vare på i Fræna. Den var for nokre år sidan falt saman, men Fræna sogelag var med og fekk på plass steinane att.

6.4.1.8 Kraftproduksjon

Den første vasskrafta vart nytta til kvernallen brukt til møller og sagbruk lagt ved vassfall. I noverande Fræna kommune var det meir enn 40 småkraftverk i storleik 0,5 til 40 kW. Dei aller fleste blei tekne ut av drift då Romsdalshalvøya Kraftlag tok over el-forsyninga hausten 1953, men dei største vart drivne fram til 1960- og 1980-talet.

Malmevassdraget var tidleg vurdert for kraftutbygging, men sjølv etter fleire folkemøte og vedtak om å søke konsesjon for utbygging, vart plana skrinlagt då Molde og Bolsøy kommune gjekk saman om å bygge ut Istadvassdraget. Ein ser at det no igjen er interesse for å bygge ut vassdraget, denne gongen som eit privat kraftlag.

6.4.2 Skog og sagbruk

Etter det ein veit, har det frå gammalt av vore sagbruk ved dei fleste elver i Fræna. På 1500 og 1600-talet, i den såkalla «hollender-tida», opna det seg ein stor marknad for trevirke i Vest-Europa. Skogen langs norskekysten var lettast tilgjengeleg for sjøbasert transport av tømmer. Dei hollandske og skotske skutene kunne hente tømmer og skurlast ved stranda, ofte i direktehandel med bøndene.

Terrengnamn ymse stader i Fræna fortel også om tømmerekspolt og sagbruksdrift, t.d.

Tømmerneset i Elnesvågen, Tømmerbakken i Kjørsvika, Tømmerberget, Lunnhaugen i Bud, Sagberget på Hustad osb. Vi har tatt med eit par døme på sager under.

Helsetsaga er av dei eldste sagene vi har i kommunen. Den er frå 1808 og ligg i Sagelva ved vegen opp til Bringslia. Elva kjem frå Tverlivatnet med Åndalsvatnet, Bringslivatnet og Eiksåsvatnet og renn ut i Hestadvatnet.

Hålsaga ligg på Aure ved Vasselva. Vi har ikkje nøyaktig alder på denne saga, men han som eigde då kjøpte den første sirkelsaga i kommunen i 1870. Denne sirkelsaga vart driven ved hjelp av eit vasshjul. For å få vatn til denne grov Jakob Aure, som eigde då, ut sagdammen ovafor saghuset og ei sideelv frå vasselva med handmakt.

6.5 Fiske

Først var det småkongane som hadde rett på innkomme av fisket. Frå 1152 blei det biskopane, for vår del Erkebiskopen i Nidaros. Etter den tid blei det lettare for den enkelte fiskar å selje fisken. Då Olav Engelbrektsson (1523-1537), Erkebisop av Nidaros, måtte forlate landet, tok embetsverket over (Romsdals amt vart oppretta i 1689).

Kjøpmenn kunne sikre seg egedomsrett til eit fiskevær (væreigar), dei fekk langt på veg handelsmonopol og kunne sikre seg den største fortenesta av fisken.

På Bjørnsund og i Vikan var det festesetlar i 1819, der oppsittarane forplikta seg til å selje fisken til væreigaren. Frå Bud er det ingen festesetlar som tyder på tvang. Den perioden varte heilt fram til 1910. Deretter blei det enklare og betre pris på fisken og silda.

Stortinget sette ned ein kommisjon i 1884 for å undersøke Væreigarforholda. "Væreierloven" vart gjort gjeldene frå 1892. Då blei det ikkje lenger lov til å krevje forkjøpsretten til fisken til dei som budde på væreigaren sin grunn (fiskevær). Dei som budde på Nordre Bjørnsund kjøpte eideomane som dei før hadde bygsla i 1889, og på Søre Bjørnsund i 1900. Dermed var væreigartida i Romsdal over.

Den siste og avgjerande fridomen for fiskarane kom med Råfiskloven. Førstehandsomsetning av råfisk frå fiskar til kjøpar blei første gong lovregulert i 1929 ved «Sildeloven» og seinare i torskefisket



Helsetsaga



Fiskeri

ved «Råfisklova av 1938». Formålet var å oppretthalde prisen frå fiskaren, spesielt under dei store sesongfiskeria, samt sikre relativt like og stabile prisar langs kysten.

Torsken var den viktigaste fisken, særleg for fiskarane ytst på kysten. Innover fjorden var det silda som var det viktigaste. Derfor har vi mange notnaust der.

Laksevorper

Frå laksefiske har vi fått namn som Syltevorpa, Jendemsvorpa osb. grunna god strandlinje for «vorping» av laks.

Utanom fiskeværa var det i resten av kommunen ein meir spreidd busetnad, med gode levekår for fiskarbonden. Dei hadde naust med stø slik at dei kunne dra båten på land. Vi har døme på både enkelnaust og store naustumiljø.



Laksevorpe

Notnaust

Det er bevart store notnaust, t.d. på Lemholmen. Dei grindbygde husa var bygd på novsteinar og var luftig for å gje god tørk til nota, båten eller høyet som var lagra inne. Værveggen var kledd tett mot regnet, enten med kledning, spon eller bølgeblekk.

Notnaustet i Aureosen er bygd i ein sjeldan variant av det romsdalske grindverket. Det har ein unik plassering i landskapet, værmessig og visuelt, og er den siste representant av denne typen opne notnaust i distriktet.



Naust på Lemholmen, Bud

6.5.1 Tarebrenning

Tarebrenning var truleg den største attåtnæringer for strandbuarane i Hustad og Bud i dei økonomisk harde 30-åra. Tarebrenninga var vanleg her langs kysten frå 1700-talet og fram til ca. 1940. Taren vaks godt om sommaren, og dei første hauststormane sende store taremengder opp i fjøra.

Tangen vart ikkje berre hausta på land, men med spesialljåar skar dei tare ute i sjøen òg.

Det var nokre strandsitjarar (strandsitjarar = fiskar utan eigendom) som hadde teke seg til rette og



Taregrue i Breivika på Farstad, truleg frå slutten av 1800-talet.

brente tare. I 1905 var det ei rettssak om dette på Farstad. Strandsitjarane vart dømt bort frå stranda og gardbrukarane fekk egedomsretten til all tang og tare.

Oske frå tarebrenninga var ein eksportartikkel som vart brukt til glasverka for produksjon av glasvarer, seinare og produksjon av jod som tidvis kunne gje meir inntekt enn fiskeri.

6.5.2 Fiskereiskapen og båtane

Fiskereiskapen

Den første fiskereiskapen var handsnøret, eit snøre med ein krok i enden som det var eit agn på. Seinare kom lina, der det var eit snøre med fleire krokar på. Til slutt var det garn, då for det meste torskegarn, som kom i bruk tidleg på 1700-talet. Måten folket dreiv fiskeri på utvikla seg seint. Det var ikkje enkelt å skaffe seg verken båtar eller fiskereiskap. Det er få kjelder som fortel oss korleis fiskeriet var før vikingtida.

Landnota er vår eldste bundne fiskereiskap. Det er vanskeleg å finne kjelder som stadfestar når første landnota kom til Fræna, det er sagt at her var nøter i Frænfjorden alt tidleg på 1700-talet. Slik nota stig fram i litande kjelder i Fræna, er ho ei utvikla landnot - sett ut frå båt, med armar til å dra nota inn på opptakslass for fangst. Talet på nøter i drift i Fræna var på sitt høgaste i tida frå dei gode 1870-åra, fram til depresjonen etter første verdskrig. Ein veit om 32 nøter i Fræna.

Notlaget på Løset

Som døme på «notlag» tek vi fram Løsetnota som var av dei eldre laga i Fræna, truleg starta alt på 1700-talet, og var i drift fram til krigsslutt i 1945. Notlaget dreiv mest i Frenfjorden, men var ofte på fangst innover i Fannefjorden, Langfjorden og sildefjordane elles i Romsdal.



Notbruket var av dei første som fekk firetaktsmotor i sin notbåt. Tidleg på 1930-talet kjøpte notlaget tidmessig notbåt med siderull, og i 1938 kjøpte laget eigen motorbåt (gavlbåt med rull bak). Vollepass for nota var Lemholmen og Nesberga. På Løset hadde laget eige nothus med henge. Siste nota som laget hadde heng ennå i nothuset på Løset. Der står og at notbåten var rodd eller segla når notlaget var ute på fangst.

Med dekksbåt og motor blei det fart i utviklinga av fiskereiskapane. Det vart laga mekaniske garn og

linespel. Dette gjorde at dei kunne sette line og garn på djupare vatn.

Muskelkrafta si tid var forbi, -fiskeria vart mekanisert.

«Årna se i sjynå»

Fiskebåtane

Ei futeoppgåve frå 1771 fortel at Vågøy skipreide hadde 52 åttringar og 47 Fjørnfar. (Båt med mannskap på 6 mann). Til saman 99 båtar. Meldinga fortel at ein del av dei dreiv havfiske «12 a 14 miile ud for landen». I 1865 fortel ei tilsvarande futemelding om 98 båtar med 549 mann i Bud prestegjeld og 36 båtar med 235 mann i Fræna prestegjeld. Til saman i dei to prestegjelta, tilsvarande dagens Fræna kommune, 134 båtar med 784 mann.

Først var det dei små robåtane (færingar). Dei hadde som regel to par årer og seglføring. Etter kvart blei det større robåtar med seglføring, dermed kunne dei nå ut på Buagrunnen. Så kom åttringen med minst fire par årer, også denne med seglføring. Med ein så stor båt kunne dei komme seg heilt ut til Eggakanten.

Då åttringen kom, vart det vanleg med fleire eigalarar av båten. Det var eit stort økonomisk løft å eige ein åttring aleine. Dei kunne eige i fleire åttringar for å sikre seg. Om ein båt med mannskap forsvann, kunne enkja framleis ha innkomme frå andre båtar mannen eigde i. Dette var den første form for sjøforsikring vi hadde i Norge.

Like etter 1890 kom dei første dekkbaatane til Fræna. Dei hadde segl til framdrift, men òg årar om bord (til å manøvrere med). Desse var utstyrt med lugar/kahytt til å overnatte i. Ottringen var gått ut av bruk alt like etter 1880. Då var det møringen og søringsbåten (Listerbåten) som gjorde seg gjeldande på våre kantar. Det var nokre av desse det vart lagt dekk i (og enkelte ottringar).

Ordet rorbu var ikkje i bruk på våre kantar. Slike hus var det få av. På Stemmet blei dei kalla for "Sjøstauer". Dei som ikkje kunne bu i eigne hus under fiske leigde seg inn hos andre i fiskeværa. Det var gjort forsøk med å montere motorar i fiskebåtar i 1890-åra utan særleg hell.

I 1902 blei «Forsøg» bygd på Bolsøya av Nils Bolsønes (til Nordre Bjørnsund). Det er sagt at det var den første fiskebåten i Norge som var bygd for oljemotor. Om Bjørnsund var av dei fremste fiskeværa i landet skal vere usagt, men dei var klart i leiinga i ytre Romsdal.


Bud var truleg grenseland i bruken av båttypar. I tidlegare Hustad kommune var nesten utan unntak Nordmørssbåten, den såkalla «geitbåten», i bruk. Delvis var denne typen i bruk så langt sørover som til Ona. I Bud var det også i bruk andre båttypar, som Sunnmørssbåten eller frenbygde båtar. Det er ikkje kjent at Sunnmørssbåten var brukt lenger nordover enn til Bud og Bergset.

På Bjørnsund var det mest frenbygde båtar som hadde ord på seg å vere sterkare og ein betre havbåt enn sunnmørssbåten og nordmørssbåten.

Frenbåten hadde høgare oppbording. Båtbygging i Søre Fræna kunne ha vore i gang alt føre årsskiftet 1700-1800.

Dekka seglskøyter med linedorryar kom i bruk mot slutten av 1800-talet. I Fræna var bjørnsundingane føregangsfolk i dette fisket. Men også fiskarar elles frå Fræna, Bud og Hustad var med. Linefiske med dorryar og seglskøyter vart elles drive på Buagrunnen og andre aktuelle fiskefelt på Hustadvika.

1902 vart året som starta ein revolusjon i det norske fisket då motoren gjorde sitt inntog i fiskebåten. Fiskarane på Bjørnsund var dei første som skaffa seg dekksbåt med motor. Det var ikkje unaturleg, då Bjørnsund var eit av de fremste fiskeværa i landet. Motoren sette verkeleg fart i fiskeria då dei ikkje lenger var avhengig av årer eller segl. Dei kunne gå dit fisken var, sjølv om dei var svært stadbundne i starten. Dei kjente fiskeplassane og hadde på ein måte hevd på sin plass.



Fiskebåten «Fremskridt» av Bjørnsund

«Det va kjøle kor dæ feska utmæ Skjærå»

6.5.3 Båtbyggeri og reparasjon

Dei aller fleste av dekks- og motorbåtane som var heimehøyrande i Fræna, Bud og Hustad kommunar var bygde inne i Romsdalsfjordane, men det blei òg bygd slike i Sandsbukta og Jendem, og begge driv framleis i dag. Det var slip for oppsett av båtar både i Bud, på Bjørnsund, i Harøysundet og på Drågen.

Fræna kan skilte med to små skipsverft: Hol Slip og Sande Slip og båtbyggjeri. Hol slip driv med reparasjonar og ombygging av lasteprammar og småbåtar.



Sande Slip og båtbyggeri

Sande slip bygde nye båtar opp til 35 fot, men driv mest vøling (vedlikehald) av båtar. Bedriftene starta kring hundreårsskiftet og begge driv framleis i dag.

I tillegg finnes og historier om at det blei bygd båtar på Tornes midt på 1800-talet.

6.5.4 Foredling av fisk

Klippfiskproduksjon og fiskemottak

Det var ein fleire hundreårgammal tradisjon for mottak og salting av sild og fisk til klippfisk, tørka på berga langs kysten. Ut over i Fræna var det handelsmenn som sikra seg fiskeberga ved å leige dei frå grunneigarane. Det var stort sett kvinner og born som vart sysselsett i klippfisksesongen og skaffa seg kjærkommen tilleggsinntekt.



Kvinner på klippfisktørking på Bjørnsund

På Bjørnsund var det Halsten Bjørnsund, H. Tande og S. Skarsbø som var dei store produsentane innan produksjon av klippfisk og salting av sild. S. Skarsbø fekk installert elektrisk tørke like etter at straumen kom til øyane i 1947. Både på Nordre og spesielt på Søre Bjørnsund var det mange ungdomar frå fastlandet som fekk god god opplæring i handelsfaget. Det er mange døme på at desse starta eigne verksemder på fastlandet etter end «læretid» I Bud var det Sandøy, først i Vikja, og frå 1932 i Ivergarden, som produserte klippfisk. I seinare år er det Møre Codfish som er produsenten av klippfisk i Bud.

I Vikan var det Halsten Bjørnsund som dreiv fiskehandel ein del før Gammelsæter tok over verksemda på Notholmen. Herskedal dreiv med salting og ising av sild.

Firmaet Brødrene Sandøy som etablerte seg Bud i 1923 hadde topp produksjon i 1930 med omlag 160 000 fisk (torsk). Ein del av fisken vart innkjøpt i Lofoten og frakta til Bud. Firmaet bygde i 1953 klippfisktørkeri med elektrisk varme.

Harøysundets Fiskekompani vart etablert i 1893 på Løberget i Harøysund. Etter at kaia var ferdig blei det snart stor trafikk med rutegåande dampskip. Dette var eit av dei få anløp i ytre distrikt der båtane kunne handterast frå kai. Notholmen i Vikan hadde ei viktig rolle som mottak for sild og fisk i fleire tiår frå starten av 1900-talet.

MO Sørgaard drev fiskekjøp og klippfiskproduksjon på Storholmen/Flatstrand.

Sildoljefabrikk

Den første starten til sildoljefabrikken på Storholmen blei grunnlagt på Nerlandsberget ca. 1914 – 1915. Dei starta i ei trebrygge på cementkar som ein framleis finn rester av i dag. I 1948 vart fiskarar

frå kommunane Molde, Fræna, Bud, Hustad, Sandøy, S. Aukra og N.- Aukra einige om å byggje ein sildoljefabrikk i Romsdal. Etter ein dragkamp mellom Misund, Løvika og Harøysund blei det til slutt bestemt å bygge på Harøysund, og fabrikken blei bygd i 1949. Seinare kom det til ein filetfabrikk, klar til bruk i 1951.

6.6 Handel

Bud var frå gammalt ein viktig handelsstad i Romsdal, med m.a. tollstasjon og mange handelsmenn, vertshuseigarar, o.l. Det var òg stasjonert ein tollbetjent (Toller på leden, dvs leia).

Truleg var Bud det viktigaste senteret for slike næringar i Møre og Romsdal før Kristiansund og Molde fekk bystatus i 1742.

Det var handel fleire stader langs kysten, som på Harøysund og i Vikan. I Vikan var det landhandel med fiskemottak frå om lag 1910-1920. Handelstad på våre kantar var det i Viken (Vikja) i Bud og ei tid på Storholmen på Farstad.



Guristua på Farstad

Det kom ikkje etablerte og stadfesta handelsmenn i gamle Fræna og Hustad før på slutten av 1800-talet. I 1873 blei den første etablert, det var S.O. Dalseth i Elnesvågen, bygninga står her framleis. Tidlegare var det skysstasjon her. Eit gammalt bakeri låg i kjellaren.

Det gamle stabburet står òg framleis.

Fleire blei det ikkje før hundreårsskiftet. «Guristova» på Farstad er den eldste butikken som er att på Farstad, frå om lag slutten av 1800-talet. Her var det drift fram til 1927. Han (namn ikkje oppgitt) som leide Guristova bygde ny butikk på garden Svorva.

Guristova var i drift som sykkelverkstad heilt fram til R. K. Farstad bygde ny butikk vis a vis Guristova.



Vikan, tidlegare landhandel

Dette var ein landhandel med fiskemottak frå om lag 1910-1920. Det var Ole Løkø som byrja med butikkhandel. Handelstad på våre kantar var det i Viken (Vikja) i Bud. Der var det butikkhandel, der tok dei imot fisk, og der var det gjestgiveri. Ei tid var det og brennevisutsal. På Storholmen i Hustad var det og handel og produksjon av klippfisk. Der var det firmaet Kaasbøl i Kristiansund som dreiv, med styrar som budde på plassen.

Både på Nordre og Søre Bjørnsund dreiv væreigarane med utsal av butikkvarer i fisketida. Dei hadde då forkjøpsrett til fisken som fiskarane som budde på væra kom i land med. Fisken blei salta og tørka på berga, og etter kvart skipa til Kristiansund og Molde for eksport.

6.6.1 Bank og forsikring

Med større båtar greppe ikkje fiskarane lengre å finansiere båten sjølv. Dette var ein av grunnane til at sparebankane vart stifta. Med pantelån i båten trongs òg forsikring. Først var båtane i kommunen forsikra i Øyassuransen på Sunnmøre. Dette blei for tungvint, og Bud og Hustad forsikring vart stifta i 1910.

Tidleg etablering av lokalbankar må kunne sjåast som viktig i utvikling av næringslivet i Fræna. Ein kan nemne at «Bud låneinnretning»/Bud Sparebank blei oppretta så tidleg som i 1883, Frænen Sparebank er tidfesta til 1885, Hustad Sparebank i 1903 og Indre Frænens Privatbank, også kalla «Kammersbanken» i 1911.

6.7 Industri

Vi ser at det er vanskeleg å kunne omtale meir moderne industribedrifter under primærnæringane, og vil derfor her nemne nokre utvalde område som har vore med å utvikle næringsgrunnlag og arbeidsliv i Fræna.

6.7.1 Konfeksjonsindustri

Som mange stader på Vestlandet vart det etablert små lokale konfeksjonsfabrikker i bygdene i Fræna. Dei mest kjente er Bud Konfeksjon og Falken konfeksjon i Elnesvågen som starta opp i 1956. Konfeksjonsbedrifta Trygve Farstad og Sverre Paulsen fekk storkontrakt rett etter krigen med å sy fangedrakter til landsvikerleiren. Pr. i dag er det ingen konfeksjonsbedrifter att i kommunen.

6.7.2 Industriutvikling

Fræna kommune er som tidlegare nemnt ein landbrukskommune, men det har og vakse fram enkelte moderne industribedrifter. Vi presenterer her dei to største.

Hustad Bruk AS/ Omya Hustadmarmor AS

Hustad Bruk AS med datterselskapa Hustad Kalk og Marmor AS og Hustad Jord AS leia av Kjell Steinsvik vart stifta i 1948. Bedriftene skulle m.a. starte industrianlegg med drift frå «Marmorfjellet» i Hustad, bygging av dampskipskai, oppføring av fabrikk på Eidem og anlegg av kalksteinsbrot. Hustad Kalk og Marmor kan seiast å vere starten av dagens Hustadmarmor, ein av dei største verksemndene i Fræna, no eigd av sveitsiske Omya.



Hustadmarmor 1962

Moxy/ Doosan

Birger Hatlebakk etablerte i 1969 ein fabrikk for produksjon av dumperar. Den første prototypen var bygd i Molde der Hatlebakk alt hadde etablert industribedriften Glamox som produserte lysarmatur. Dumperproduksjonen vart flytta til Varhol i Fræna der han bygde opp ei heilt ny produksjonsbedrift. Doosan kom inn som eigar i 2011 og innførte samstundes Doosan som merkenamn på dumperane.

7.5.3 Cementstøyperi

I etterkrigstida var det stor etterspørsel etter støypesand i Molde til oppbygging av byen etter bombing i krigsåra, men det var òg leveranse til andre kommunar. Fleire firma etablerte seg i Malmefjorden og Sylteosen og produserte murstein, sementrør og andre betongartiklar. Fræna Sand og Cementvare vart etablert i 1957. Dei produserte murstein og bygningsstein, i tillegg var det grus og sandtak. Bedriften dreiv fram til 1990-talet. Malmefjorden Cementvarefabrikk etablert i 1955 dreiv fram til 1989. Dei produserte murstein til husmurer, skiljeveggar og betongrøyr. Holen Betongvarefabrikk, etablert i 1958, produserte murstein i mindre skala.

Harald Malme Betongstøyperi vart etablert ca. 1955 og heldt på til 1984. Sylteosen Betongvarefabrikk vart etablert i 1956, dreiv støyping av murstein og betongrøyr i fleire variantar. Bedriften er framleis i drift. Elles var det mange sand- og grustak i både Sandsbukta, Malmefjorden og Sylteområdet.

6.8 Kulturmiljø

Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan ein finne i både tettstader, i jordbrukslandskap og i skog og utmark. Vi har her skildra nokre typiske kulturmiljø som viser mangfoldet i kommunen.

6.8.1 Fiskeværa

Bud og Bjørnsund sin framvekst som fiskevær på 1400-talet er lik med den generelle nærings-utviklinga i landet. Hanseatane (kjøpmennene) i Bergen ordna eksport av tørrfisken til Europa på 1200-talet. Med betre pris og godt torskefiske blant anna på Møre kysten kunne dei drive fiske som heilårsnæring.

Tidleg på 1500-talet var Bud eitt av dei største tettstadane mellom Trondheim og Bergen. Det var sjølv sagt fisken som gjorde at desse tettstadene blei så store.

Notfiske organisert gjennom notlag var ei stor næring. Med store båtar oppstod behovet for hamner med sjøhus og kaier. Oftast låg båtane på utfar (til ankers) ute på hamna.

Det blei hamner over heile kommunen. I dei fleste hamner var det fiskekjøparar og handelsmenn. Fiskeværa er tettbygd og dei store bryggjene dominerer. Bryggjene er solid bygd for å bere godt. Dei har vindehus for å heise lasten opp i etasjane, og står fram som monumentale bygg. Dei største hamnene var på Bjørnsund, i Bud og Vikan.

Sidan 2010 har deltakarar frå huseigarar på Bjørnsund, Fræna kommune og Romsdalsmuseet hatt eit samarbeidsprosjekt med å formidle kunnskap om eldre kystkultur frå vår region med fokus på mellom anna utviklinga av fiske, fangst og levekår elles. Formidlinga skjer i form av foredrag frå fagfolk med brei kunnskap, samt via kulturinnslag, film og omvising. Det blir òg lagt vekt på nærvære av eldre autentiske båtar og utstyr for å gjenskape atmosfæren frå svunne tider.

6.8.2 Fiskarbonden

Frenfjorden har så langt skriftlege kjelder viser vore ein gjev sildefjord, men det var òg gode forhold for torskefiske og linefiske på Storegga som sikra gode inntekter.

Medan fiskarane i Bud og Bjørnsund frå gammalt stort sett var heilårsfiskarar, var freningen elles fiskarbønder. Det vart dei verande til i slutten av 40-åra og først i 50-åra.

Mönsteret var: På sildefiske og vårtorskefiske i vinterhalvåret. Heime i våronn, torvonn, slåtte- og skurdonn. Sommarsildfiske eller sommarlinefiske mellom onnene i sommarhalvåret. Når det var onn eller utanom sesong i fisket låg dei fleste av fiskarbondebåtane fortøydde i hamnene.

Med årer og segl var mannen og kvenna likestilt. Det var muskelkraft både i båten og på garden. Dekksbåt med motor endra dette raskt, mannen fekk større status, mens kvenna fekk enda meir slit med garden. Ho fekk mindre hjelp av mannen då fisket ga den største fortenesta. Fiskarbondekvinna hadde ansvaret for gardsdrifta, ungeflokken, pleie av dei eldre og ordne med heim og klede. Sakte men sikkert vart det slutt på fiskarbonden. Kombinasjonsdrift med fiske og gardsdrift tok slutt på 1950-talet.



Frå Nordre Bjørnsund



Fiskarboneheimen Maleremmen

«I he'kje mæn
ho hi ho he»

6.8.3 Bryggje og hermetikkfabrikk på indre Harøy

Det var produksjon av fiskemat på indre Harøy i tidsrommet 1935-1953. Fabrikken vart starta av Elling Henøen, først med kjøp av fiskelever for å damppe tran. Han kjøpte fisk som vart salta og tørka, samt dreiv litt å «la ned» krabbe.

Etter kvart starta dei produksjon av fiskefarse som så vart brukt til å lage fiskebollar, fiskekaker og fiskepudding. Fabrikken hadde eigen båt som kunne hente fisk hos fiskarane om det vart knapt med leveransar til lands.



Skilt frå fiskematfabrikken på Indre Harøy

6.8.4 Teistklubben

Langs Hustadvika er det fleire stader der det har vore stor aktivitet innan fiskeri. Viktige hamner var Teistklubben, Kråkholmen, Storholmen, Askvågen, Vikan, Ytersundet, Bergset, Bud, Gule og Harøysund i tillegg til Søre- og Nordre Bjørnsund.



Teistklubben - Daumannsholmen

Teistklubben er eigentleg ei samling øyer lengst ut mot Hustadvika, nord for Kråkholmen og like vest for grensa til Eide kommune. Det er ei hovudøy med bustadhus, loshytte, låvebygningar, bryggjer og naust. På det høgste punktet på hovudøya er det bygd ei loshytte der ein hadde utkikk etter båtar som kom langs leia eller kom inn frå havet og trengte los. Vidare går det frå hovudøya ein oppbygd gangveg over til ei øy der det er ei større fiskebrygge. Ved fjøre sjø kan ein til dels gå tørrskodd over til brygga utanom gangvegen. Lenger mot sørvest ligg det ein holme som ikkje er landfast med dei andre. Her er det òg ei større brygge. Holmen blir kalla for Daumannsholmen, usikkert av kva for ein grunn. Alle bygga som inngår i Teisklubben er freda.

6.8.5 Setermiljø

Det har vore seterbruk i Norge frå før vikingtida. Truleg kom tradisjonen til landet med dei første jord- og februksdrivande menneska i slutten av yngre steinalder og går heilt bak til nomadiske driftsformer i dei områda desse kom frå.

Setra låg vanlegvis høgare enn gardane og hensikta var å utnytte beitearealet over større område og i område der det ikkje var fast busetting. På setrene var det butilhøve i form av enkle seterbuer og fjøs. Mange budde fast på setra frå juni til august, men mange bar òg heim mjølka til garden kvar dag der den vart tilverka.

Her i kommunen har vi mange godt bevarte setermiljø og det er stor interesse for å ta vare på seterhusa. Vi kan her trekke fram Rødalssetra i indre Fræna som er nemnt attende frå 1723 og framleis er i bruk.



Rødalssetra

Produksjon av geitost var tidlegare ei god inntektskjelde for bøndene i Røldalen og dei hadde med osten til Molde for sal, men folk kom òg til Røldalen for å kjøpe ost. I 1958 vart den første fellesfjøsen for geit i Møre og Romsdal bygd i Røldalen, med plass til 250 geiter. Mjølk vart òg levert til Molde for produksjon av geitost. Seinare vart mjølka frakta til andre stader for osteproduksjon og geitdrifta i Røldalen vart nedlagt.

6.9 Krigen si historie

Dei første tyske soldatane kom til Fræna i mai/juni 1940. Ungdomshus, skuler og bedehuset rundt om i kommunen og endå ein gard på Farstad vart tekne til militærkassernar. Kor mange tyske soldatar det var i Fræna under krigen er ukjent, men det var nok fleire hundre.

Tyskarane starta oppbygginga av festningsverk i Bud kort tid etter at dei kom hit. På Ergan og fleire andre stader i Bud vart det bygd bunkers og mitraljøsereir. Dertil vart det montert tunge kanonar som vart sagt å vere tekne frå Maginot-lina i Frankrike.

Malmedalen vart det bygd opp 3 leiarar, det var fleire bunkers, skyttargraver og kanonstillingar. Det var og plassert mannskapsbrakker andre stader i Malmefjorden. No er det att rundt 4 bunkers i området, skyttargraver og kanonstillingar er det enno spor etter. Både Malmebrua og Moa-brua var underminert, det same vart Malmealva. Vegen på Malmekleiva vart sprengt vekk i 1942 og den nye vegen vart underminert. Dette vart gjort for å hindre dei allierte å kome seg fram om dei skulle gjere landgang ved kysten i Bud eller på Vevang. Det var fleire fangeleirar i området og fangane vart og bruk til arbeid med å bygge festningsverket. Det var fleire vaktbommar og i Malmekleiva står framleis vaktbua (tyskarbrakke) tett ved vegen, i dag ombygd til bolighus. Kanskje eit av dei einaste tyskarbrakkene vi har att i kommunen.

Ergan var eit av 28 tyske kystbatteri i Møre og Romsdal.

Kystfortet ble etablert av tyske troppar i perioden frå april 1941 til 1945, som en del av Atlanterhavsvollen og var operativt frå hausten 1942. Atlanterhavsvollen skulle beskytte Kontinentet og Norge mot britiske, og etter kvart også amerikanske, angrep. Bud kystfort var strategisk viktig for den tyske okkupasjonsstyrken for å gi beskyttelse utover Hustadvika og skipsleia mot dei tre byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Kystfortet var aldri i direkte kampar, men forsvarsverket i si heilhet ble satt på prøve ved den allierte invasjonen den 6. juni 1944 i Normandie. Kystfortet er på sitt høgste 63 meter over havet.

Buaværet vart i røynda omgjort til eit festningsområde. Fleire hus vart rivne og tårnet på kyrkja tok tyskarane ned. Ergan kystfort er no omgjort til museum.

Det var først 2 år etter krigen at tyskarane bygde festningsverk på Solåsen på Farstad. Her er det fleire bunkers og kanonstillingar. Det vart og bygd bunker av rundtømmer som vart nytta til bl.a. hestestallar. Desse vart rive ned og selde etter krigen. Løa på Solåsen vart og bygd om til bunker. Russiske krigsfangar vart brukt til arbeid ved anlegga her. Dei vart ofte därleg behandla.

Under gullstramsporten i 1940 var fiskebåtar frå Bud og Hustad med i aksjonen. Natt til 30. april frakta D/S «Driva» ca 10 tonn av gullet frå Molde til Gjemnes. «Driva» vart angrepet av eit tysk sjøfly og måtte bli satt på land ved Visnes. 8 tonn av gullbeholdningen blei køyrd til Gjemnes på lastebilar



Ergan kystfort



Skytestilling frå krigens dagar
på Nøsen i Malmefjorden.

den 30. april. Fem fiskeskøyter tok om bord totalt 18 tonn gull ved Gjemnes og fortsette via Kvalvåg og Tustna til Titran på Sør-Frøya der to større fiskeskøyter overtok transporten videre til Tromsø. Fiskebåtane var «Baard II», «Heimdal II», «Svanen», «Leif» og «Gudrun». Båtane gjekk om natta og låg i ro om dagane.

Også på Solåsen på Farstad bygde tyskarane festningsverk. I Malmekleiva og Skarbakken var vegen minelagt. Her bygde dei øg skyttargraver mv.

6.10 Kyrkjer, gravstader og bedehus

Dokumentasjon viser at Fræna tidvis har vore under Aukra prestegjeld, også før reformasjonen fram til 1859. Frå tidleg kristen tid, katolsk og etter reformasjonen, var det i Aukra prestegjeld 7 kyrkjer og kapell: «Akerøen Hovedkirke, Voge, Bue, Hustad, Haræjd, Sandøe og Onen».

Vågøy kyrkje

Den første kyrkja på Vågøy var truleg bygd kring 1200-talet. Den tidlegaste dokumentasjonen er funne i tinglysingsbrev av 28. januar 1336 der Hermund prest er nemnt og som viser at Vågøya både var tingstad og kyrkjested.

Det skal ha stått to stavkyrkjer på Vågøy. Den gamle Vågøy kyrkja var «velståande» og godt utstyrt. Korskyrkja brann ned i 1900 og noverande kyrkje vart bygd i 1904.

Vågøy som gravstad går attende til førkristen tid med gravhaugar lokalisert i området her. Ved Vågøy kyrkje finn vi øg Vågøy prestestove nytt til klesskifte frå reiseklede til kyrjkedde for dei som kom tilreisande med båt frå t.d. Bjørnsund og Tornes.



Vågøy kyrkjested, prestestova til høgre

Hustad kyrkje

På Hustad, like ved kyrkjeområdet, er det gjort funn etter bygg som tyder på at staden kan ha vore sett på som ein heilag stad alt frå tidleg vikingtid. Det er usikkert når den første kyrkja blei bygd på Hustad, men i eit tinglysingsbrev frå 1539 er Hustad nemnt som eige prestegjeld med ei stavkyrkje.

I eit dokument frå 1646 vert to kyrkjer på Hustad omtala, den eine trudd å vere stavkyrkja nemnt i dokumenta frå 1539, ei delvis korskyrkje. Denne brann i 1718 og ei ny korskyrkje var først på plass i 1738.

Korskyrkja (frå 1738) ble selt på auksjon i 1876. Mykje av innhaldet i kyrkja blei kjøp av Anders Sandvik, og er i dag å finne i Garmo Kyrkja på Maihaugen. Prekestol, lysekroner i tre og korbuene med kongemonogram (Fredrik den IV) er og å finne der.

I Romsdalsmuseet sine samlingar finn du øg nokre gjenstandar, slik som Himlingen over prekestol og antependium på altret og lysestakar i tre.

Altertavla frå same tidsperiode, ca. 1720, ble overført og står i kyrkja i dag. Det var den kjente bilethoggaren Peder Knudsen Kjørsvik som har gjort alt trearbeidet.

Dagens kyrkje blei innvia i 1875.

Det er òg gjort funn av ein gravstein på Hustad frå middelalderen, no lagra ved Vitskapsmuseet i Trondheim. Form og storleik på steinen tyder på at det er ein «romansk» stein, normalt datert til 11-1200-talet. Dette funnet kan tyde på at det var kyrkje på Hustad alt på denne tida.

Myrbostad kyrkje

Bygginga av kyrkja på Myrbostad og opparbeidingsa av kyrkjegarden kom som ein følgje av delinga av Fræna prestegjeld i to sokn - Indre Fræna sokn og Ytre Fræna sokn.

Kyrkja som er ei langkyrkje i tre, vart bygd i 1880 med 450 sitteplassar, bestemt ut frå at det skulle vere plass nok for halvparten av kyrkjelyden på den tida kyrkja blei bygd.

Bud kyrkje

Bud sokn vart frådelt Aukra prestegjeld i 1755. I følgje skriftelege kjelder vart korskyrkja i Bud bygd i 1710-1712. Ho er no det eldste gudshuset i kommunen. Opphaveleg var kyrkja i Bud ei barokkyrkje med rik utsmykking, men under ymse restaureringar, t.d. i 1830-åra, vart mykje av interiøret endra eller fjerna, og bileta overmåla. Berre preikestolen er slik han var frå først av. Altertavla og preikestolen er laga av kunstnaren Lucas Nielsen Gram.



I 1964-67 vart kyrkja restaurert. Då forsøkte ein å få fram igjen dei opphavelege måleria, mellom anna på altertavla. Bud kyrkje har, trass i dei endringar som er gjort, enno ei atmosfære frå farne tider, både i benkearrangement, utforming av korsa, og i det gamle interiøret.

Bud kyrkje

Bedehustradisjon

I 1801 reiste Hans Nilsen Hauge gjennom Fræna. Dette sette spor etter seg i bygdene i lang tid då mange slutta seg til haugianarrørsla. Det vart bygd ei rekkje bedehus som vart viktige møteplassar for folket.

6.11 Sosialt liv

Samfunnsfunksjonar, sosialt liv, organisasjonsliv, tradisjonar og immaterielle kulturminne utgjer ein vesentleg del av kulturhistoria for Fræna.

6.11.1 Lag og foreiningar

Organisasjonslivet i Fræna har vore aktivt og mangfoldig langt attende i tid. Fleire lag og foreiningar har historie godt over 100 år og er fortsett livskraftige. Interesseområda er mange; næringsliv, politikk, religion, helse og kulturliv i tillegg til grendelag, avhaldslag og ungdomslag. Framleis er det eit rikt organisasjonsliv i Fræna.

6.11.1.1 Ungdomslaga

Den frilyndte ungdomsrørsla vart stifta i Trondheim i 1896, men ulike ungdomslag var alt starta opp i Fræna. Betre opplysning og større aktivitet på mange felt auka trøngen til meir samarbeid, og det blei vanleg at folk slutta seg saman i interesseorganisasjonar av ulike slag, som til dømes politiske lag, bondeforeiningar, fråhalds- og religiøse foreiningar. Langt dei fleste ungdomslaga bygde ungdomshus der det vart arrangert bygdefestar med dans. Fleire av desse er enno i bruk, t.d. Breidablikk i Bud.

«Då ska i sæ de de
blæ hattefòk»

6.11.1.2 Religiøse foreiningar

Kvinneforeiningane vart oppretta med hovudmål å samle inn pengar til misjonen. Kvinnene hadde ei stor rolle i sivilsamfunnet langt attende i tid. I tillegg til at dei styrte med alt i heim, barn og dei eldste, samt fjøs og dyr, rakk dei også engasjerte seg i misjonsarbeidet.

Dei første misjonsforeiningane starta i 1848 i dei gamle kommunane Bud og Hustad. "Frænens Misjonsforeining" vart stifta i juni 1861. Seinare kom det til andre foreiningar av ymse slag. I «Gammalt frå Fræna» frå 2013 kan ein lese om dei ulike kvinneforeiningane.




Hoem sjømannsforeining 1954

6.11.2 Musikk, song og dans

Musikkarven er ein gøynd skatt som ein ofte må ha spesialkunnskap for å finne fram til og gjere kjend for fleire. Som i andre bygder fanst det slekter som bar vidare folketonar og slåttemusikk frå ætt til ætt, men mykje har gått tapt i denne delen av musikklivet etter hundreårsskiftet.

Den gamle syngjemåten (med sløyfer) og slåttemusikken var ikkje sett blidt på av kyrkja og skulen, ofte knytt til festkultur, dans og drukkenskap. Likevel har vi ein del namngjevne spelemenn å vise til, som Torstein Eidem; «Tåsten frå Hauå», Erik Andersen Farstad, Erik Pedersen Nerland, Johan Olsen Nerland, Ole Johansen Farstad (Ole Nesså) og fleire andre.

Det var òg ei kvinne som utmerka seg som ein dyktig felespelar her i kommunen. Det var Guri Løvås, Guri Åsa (1774-1860), som kom frå Støversten i Hornindal og busette seg på Lauvåsen saman med mannen sin. Guri var òg kjent for å kunne helbrede med urter ho fann i naturen.



Spelemann «Tåsten frå Hauå»(1829-1909)

Det er funne materiale både på opptak, på notar og også i levande møte med kjelder. Mange av kjeldene har kome andre stader ifrå, med tilknyting til Frænakjeldene gjennom slekt eller musikalske kjennskap.

Ein ser at kystsamfunna har fått impulsar tidleg gjennom dei som reiste ut og dei som reiste innom. Slik blir òg gamle tradisjonar bytta ut på eit tidleg tidspunkt.

Ofte sit folk på skattar som dei ikkje har tenkt på som verdfulle i det heile, som bånsullen far din alltid song på sengekanten eller Kråkevisa du sjølv vaks opp med, med ein litt anna vri enn den som stod i songboka. Alt dette er spor av eigenart og fortid.

«Nåkkå te kjelle»

6.11.2.1 Kor og korps

Siste halvdel av 1800-talet kom det nye kulturelle straumdrag utover bygdene våre der song og musikk vart framheva som eit nyttig verkemiddel til å utvikle folket. Truleg var dei første songkor meir eller mindre knytt til kyrkjene. Frå slutten av 1800-talet og fram til første verdskrig vart det starta mange kor i Fræna.

Musikkgrupper, orkester o.l. hører ein ikkje om i Fræna før ved hundreårsskiftet. Det første kjente musikkmiljøet oppstod på Tornes, etterfølgt av Farstad og Bud. Det første stabile blåseorkesteret kom i Bud; Bud hornmusikk. Etter siste krig vart det auka interesse for blåsemusikk, med etablering av fleire musikkorps. I dag er det 3 korps/ musikkgrupper i kommunen: Hustadvika Skulekorps, Bud Skulekorps og Fræna Brassband.

6.11.3 Mattradisjon

Kostholdet var generelt sterkt prega av eigne råvarer frå fiske, jordbruk og husdyrhald til foredling og konservering. Det var kvinnene som tilverka mat og stod for hushaldet. Mange av dei gamle oppskriftene og oppskriftsbøkene er tekne godt vare på i Fræna.

Skikken var å ete 5 måltid om dagen; graut av bygg eller havre i 5-6 tida, nytt grautmål i 8-9-tida, middag; gjerne med fisk eller sild og potet i 12-tida, nonsmat med kaffi og kake i 5-tida og graut oppvarma i surmjølk frå frukosten om kvelden: «heitattgjort».

Innslaget av graut var viktig, ein tradisjon som nok er frå 1700-tallet, kanskje enno eldre. Ut frå innslag av fisk og sild i kostholdet, er det ikkje tvil om at fjorden er nærmeste nabo her ute og at den var eit viktig spiskammers for folk flest. Ein større gard med større husdyrhald ville truleg hatt tilgang på litt meir kjøtt.



«Hainj ræv ikkje skårpå tå kalgræutæ deinj karn»

På 1800-talet vart det meir vanleg med potet i det lokale matstellet. Ny teknologi med komfyre sette meir potet og grønsaker på middagsmenyen. Det vart òg meir gjærbakst som tok over for flatbrødet. Graut og flatbrød var ein av byggsteinane i det gamle matstellet. Smaken av bygg og havre kjenner vi nesten ikkje i dag fordi kveitemjøl har fortrent dei tradisjonelle kornsortane.

Det var vanleg at enkelte kvinner drog rundt på gardane som «bakstekjerringer» og baka lefser og flatbrød. Lefsetradisjonen står sterkt i Fræna og vi finn fortsett dei som tek på seg å bake for andre. Aktive bondekvinnelag bidreg til å halde slike mattradisjonar ved like gjennom opplæring.

6.11.4 Handverkstradisjonar

6.11.4.1 Ull, spinning og farging

Sauene vart klipt haust og vår. I seine haustkveldar starta arbeidet med karding, deretter var det å ta fram rokken og spinne. Garnet vart tvinna så det vart fleire trådar og vart sterkare. Det vart laga hesper ved bruk av hespetre. Deretter vart garnet vaska og enkelte gonger farga.

6.11.4.2 Strikking

Nøstekrok - denne vart brukt når kvinnene gjekk og strikka. Om dei skulle gå ein stad så hadde dei som regel begge hender fri slik at dei kunne strikke mens dei gjekk. Nøstekroken var festa i skjørtelinninga.

Sjøvottar vart brukt av fiskarane for å halde seg varm på hendene. Dei vart laga svært stor og tova for å vere sterke og varme ved bruk under sjødrift. Væte og gnikking mellom hand og åre sikra at dei vart godt tova.



Sjøvottar

6.11.4.3 Vaving

Det vart vevd mykje: vadmal til underklede åt karane, og til utapåkledde. Utapåkledde vart stampa eller tova slik at det vart meir slitesterkt. Sengeklede, ullteppe og dynetrekk blei vevd av ullgarn, ullteppa sendt på ullvarefabrikken og tova eller stampa. Dyner blei vevd dobbelt med stoff slik at den vart tjukk og god.



Ane Johansd. Syltesæter med nøstekrok og strikkety

Ryer er ein gammalt tekstil og eit vanleg handverk frå langt attende i tid. Vi finn dei nemnt i skrifter frå 1600-talet her i området. Dei fleste ryer har truleg vore brukt i seng, men også i båt, sledar o.l. Kvinnene vevde ryer til sine menn og søner, gjerne for fleire generasjonar.

6.11.4.4 Husflid og handtverk som yrke

I folketeljingane for 1865, 1900 og 1910 finn vi fleire kvinner i Bud og Fræna som livnærte seg ved spinning, vaving, strikking og sying. Det vart no meir vanleg at kvinner hadde ein yrkestittel som t.d. syerske/skreddar.

Dei første rokkane kan ein finne i skifte frå siste halvdel av 1600-talet, truleg har dei vore i bruk tidlegare òg. Rokken var eit reiskap til spinning av garn. I Fræna har det ikkje vore så stor produksjon av rokkar, men vi kjenner til fleire som laga rokkar, t.d. «Rokke Johan»

6.11.4.5 Garving

Garving høyrer til dei rett gamle handverka. Skinn hadde ei rekke bruksområde, som sko, selety og liknande. Enkelte tok gjerne på seg å hjelpe andre og slik skape seg ei lita verksemd. Sjølv etter at marknaden fekk god tilgang til amerikansk lær var det enkelte som greidde å halde fram, som t. d. Skarsbø garveri som var i drift i over 100 år. Noko av driftsmidla er fortsett teken vare på av etterkommarane.



6.11.4.6 Skomakar

I dei fleste heimar var det vanleg å ha noko utstyr til å reparere sko. Det var òg vanleg med skomakarar som reiste rundt på bygdene og stoppa på gardane. Ein kjenner til fleire som etablerte seg med skomakarverkstader rundt om i bygdene som t.d. Hans Farstad Dalahaug på Farstad. Mykje av skomakarutstyret hans er teke vare på av Hustad sogelag og kan sjåast i samlinga på Tusenfryd.

6.11.5 Folketru og folketradijon


Folketru og tradisjonar har alltid hatt eit sterkt feste i folk sitt minne. Som eit spesielt døme nemnast «Selebotsekla» - ei vasskjelde tillagt overnaturleg kraft til å gjere folk friske. Denne ligg på Hoem og er ei godt synleg oppkomme.

Det var mykje overtru i Fræna frå gammalt av, med hjelperåd mot underjordiske som huldra, «krakjin» og haubokken. Om ein trudde seg utsett for desse var det naudsint å gjere tiltak. Særleg har trua på haubokken vore seigliva. Stadnamn og segner syner at folk trudde haubokken hadde faste tilhaldsstader, t.d. i tre, steinar, haugar m.v. Namn som «Haubokksteinen», «Haubokktollå», «Haubokkhålå» og «Haubokkstauå» syner det.



«Selebotsekla»

Hjelperåder mot underjordiske kunne vere «trollkostar», hestesko, kors m.v. Hestesko og trollkostar vart hengde over inngangen til fjøs og stovehus. Korsa vart måla eller hogd inn på dørkarmar og over inngangar. Elles så hadde du elden, stålet eller gudsordet til å hjelpa deg med. Mot desse råder vart dei underjordiske nokså maktlause.



«Haubokkstauå» i bustadfeltet på Moen

6.11.5.1 Primstaven og gamle vêteikn

Våre forfedre hadde merkedagar for det meste. Det var viktig at arbeidet vart gjort når det skulle, slik det høvdde seg best for at resultatet skulle bli best mogeleg.

Hugselista og påminninga for dette var primstaven. Han hadde merkedagar for det meste. Det var merke for vêr og vind, tøy og tele, grotid og haust, for når det skulle bøtast, bryggast, bakast og mykje meir. Primstaven har to sider. Den eine sida er for vinterperioden 14. oktober til 14. april, den andre for sommartida 14. april til 14. oktober.

«Fole te verstæll»

Fræna Sogelag har samla inn ein del utsegner om vêrteikn som kunne styre kva planer som vart lagt for arbeidet framover. Her eit lite utdrag av dei:

- Når ein høyrer ramna skrik, blir det regn
- Stor ring rundt månen tyder på snø.
- Når katten et gras, vert det regn.
- Når svala flyg høgt, blir det finver. Flyg ho lågt blir det regn.
- Når Jendemsfjellet får hatt blir det storm for Stad
- Om skodda ligg på Stemshesten i 3 dagar blir det skodde i 3 dagar til



Primstaven, sommarside

6.11.6 Stadnamn

Sogelaga samla på starten av 1980-talet inn ei god oversikt over lokale stadnamn frå heile kommunen. Oversikta er i ettertid digitalisert og er tilgjengeleg hos kommunen.

Stadnamn er blant dei eldste minnesmerka vi har etter folk, dei fortel noko om korleis folk tenkte og kva dei var opptekne av å framheve. Dei eldste grendanamna; Frænen – «den skinande (fjorden)», Bud – plassen der du bu(d)er, Stemmet – truleg frå Stim (fjellutspring/fjellrygg), alt nemnt i Heimskringla i kvedet Tøgdråpa av Torarin Lovtunge. Bjørnsund er og eit gammalt namn, utan kjent opphav

Dei eldste gardsnamna er normalt usamansette naturnamn i ubestemt form, i Fræna vil det seie desse 12 (første skriftlege nemning av garden står i parentes): Aure (1530), Dale (1600-talet), Gule (1520), Hatle (1600-talet), Hol (1600-talet), Male (1520), Malme (1520), Sande (1336), Sunde (1520), Sylte (1520), Valle (1435) og Ås (1600-talet).

Etter naturnamna i alder reknar ein dei såkalla vinnamna, dvs. dei som blei laga med andreleddet **vin**, som betyr 'naturleg eng' eller 'beite'. Desse namna brukar ein å tidfeste til 200-1200. Det er ingen slike namn i Fræna. Deretter kjem «Heim-gardar», i Fræna har vi tre slike: Eidem, Hoem og Jendem, alle nemnt i kjelde frå 1336.


Stad-gardar har vi fleire av: Farstad, Hestad (1336), Hostad (1550), Hustad (1629), Talstad (1610) og Vestad. Ein reknar med at stadnamna er laga i tida 400-1000, dvs. før vikingtida var over.


Landnamn var mest brukt i tida 500-1000, men lite brukt på Nordvestlandet. I vår kommune har vi ein slik gard: Nerland (1661)

Møre og Romsdal er sentralområdet for set-gardar, med 9 slike i vår kommune: Bergset (1520), Helset (1520), Håset (1610), Julset (1632) Ytre Lindset (1610), Løset (1610) Røsset **og** Skarset (1610).

Når det gjeld dei usamansette naturnamna i bestemt form er det vanskelegare å bruke språklege kriterium på alder. Tidspunktet dei første gong er nemnt i skriftlege kjelder er i følgje «Norske Gaardnavne»: Droga (1632), Ekra i Hustad sokn (1610), Feta (1610), Holen (1610), Nøsa (1633), Skotta (1520), Stranda i Ytre Frænen (1632), Vikan i Ytre Frænen (1610).

Samansette naturnamn i ubestemt form har avgjort desse: Tornes, nemnt første gong i Aslak Bolts jordebok frå ca. 1435, Åndal (1520), Haukås (1336), Elnes (1520), Ukkelberg (1520), Røsshol (1610), Sommarnes (ca. 1550) og Sandblåst (1520).





Gammalt frå Fræna 1990

6.11.7 Skuler

I 1860 kom det ei ny skulelov som påla kommunane å opprette faste skular, til avløysing av omgangsskulane som hadde vore om lag einerådande fram til den tid. Innføring av faste skular møtte nokon motstand sidan brukarane i den enkelte skulekrets måtte betale løn til læraren, avstå grunn og bygge skulebygget. I tillegg var det ei utfordring for ungane både å ta seg fram til skulen pga. dårlige vegforhold og store stammer av rovdyr på den tida.

6.11.7.1 Etablering av skulebygg rundt om i kommunen

Det blei sett opp skulebygg etter pålegg om fast skule i bygdene rundt om, den første i Bud på slutten av 1830 og fram til den siste etablert på Nerland i 1919.

Gamle skuler som er trygga

Framleis står ein del av dei gamle skulane rundt om i bygdene. Nokre av dei er i privat eige og er brukt til andre formål, medan nokre skulehus som er godt teken vare på blir brukt av lokalmiljøa rundt om i kommunen, nemnd her.

Malme gamle skule stod ferdig bygd i 1877 og var i bruk fram til 1960. Restaurert ferdig i 2004 på frivillig dugnadsarbeid. Klasserom er slik det var før, med utstyr. Skulen er i bruk med opne dagar og samlingar. Elevar og lærarar ved Malme skule bruker også skulen. Ei lokal interessegruppe tek vare på skulen og området og arrangerer kvar haust Malmemarknad ved skulen med aktivitetar i og rundt skulen.

Hoem Skule. Oppsitjarane på Hoem var samde med skulekommisjon og heradsstyre i at det skulle byggjast fast skule for å oppfylle skulelova av 1860. I 1886 vart skulebygget



Hoem gamle skule

ferdig på «Brauten», dvs. i Indre Hoems utmark mot Lindset. Skulebygget blei endeleg teken i bruk i 1887 og blir i dag teke vare på av Hoem velforeining.

Helset gamle skule vart bygd i 1883, og står i dag plassert ved Jendem nye skule etter å ha blitt flytta frå eit område like ved.

Tusenborg skule på Farstad er frå 1921. Denne skulen blir teken vare på av Hustad sogelag. Huset er mykje brukt av bygdefolket som selskapslokale og til andre arrangement.

6.12 Samferdsel

Transport over land gjekk frå først av med hest eller til fots, med «snarvegar» over fjellskar som t.d. gangskara frå Malme og frå Hol over fjellet til Molde. Det er kjente vegstykke som fortel om dei vanlegaste rutene i kommunen, som Sjøvegen mellom Jendemsfjellet til sjøen, kaia og nausta, kyrkjevegen frå Aureosen merka i kart frå 1863, gamlevegen mellom Aureosen og Sandsbuka og kyrkjesti frå Jendemsvorpå til Storvika.

Det er fleire spor etter brukar t.d. ved Varhol/Myrbostad, Elnes og på Tornes som syner kor vegar har gått. Elles er det òg spor etter gamal skipsreid frå vikingtida ved Arnegarden på Tornes og ved Vassenden finn ein Langvikeia opp på fjellet.

Hestebrye eller hestedrikkekar var vanleg å finne langs alle (offentlege) vegar før i tida. Her stoppa bøndene med hestane og let dei drikke på si ferd langs landevegen, som regel på tur til og frå byen. Hestebryå var i tre, og treverket rotna opp etter som åra gjekk, men då vart ei ny laga og sett på plass. Hestebryå vart laga av ein furustokk som vart uthola. Den var ca. 80 - 90 cm lang.



Hestebrye

I 1860-åra vart det bygd vegar rundt Frenfjorden med den følgje at folketyngda flytta seg i kommunen. Vegane var inndelt i roder, der kvart bruk hadde ansvar for å halde i stand sitt vegstykke. Grensesteinane/rodesteinane var merkte med gardsnamn og nummer for å vise ansvarsgrensene. Fleire rodesteinlar er å finne i samlinga ved Malme gamle skule.



Dalset, tidlegare skysstasjon

6.12.1 Person- og godstransport på veg

Det vart tidleg etablert offentleg persontransport i Fræna, den første var Bud Auto og Vikan Auto i 1925. Deretter kom det lokale bussruter frå alle delar av kommunen tett etter kvarandre, til den siste var etablert først på 1930-talet. Mange av desse bedriftene starta samtidig med lastebilar for lokal- og langtransport. Det finst fleire veteranbussar i privat eige som kan bli rekna som lause kulturminne.

I 1948 blei også Bjørnsund knytt permanent til rutenettet idet det blei skaffa båt som gjekk mellom Bjørnsund og Harøysund, i korrespondanse med bilruta til og frå Molde.



Bensinstasjon på Dalset

6.12.2 Sjøfart

I Fræna var det vanleg å frakte varer og seg sjølv med eigen båt.

Det tok difor noko tid før folk reiste med «dampen» for å komme til byen.

Etter kvart vart det fleire dampskipsselskap i Møre og Romsdal med fast rute to gonger i veka mellom Kristiansund – Molde og til indre Romsdal.

6.12.2.1 Dampsksipsanlegg

Sokneprest Schmidt, prest i Fræna frå 1879 til 1887, skildrar at den første dampskipsfarta i gamle Fræna var med dampskipet "Molde" bygd i 1872, og gjekk mellom Molde og Kristiansund med stopp

på Tornes. Ein av dei viktigaste grunnane til at dampskipsfarta kom i gang var postgangen, men etter kvart auka transportbehovet både av folk og varer.

På dei fleste stadane ekspederte dei den første tida dampskipa med lettåtar (ekspedisjonsbåtar). Dei rodde då ut til dampskipet som ankra opp høveleg langt frå land, og leverte passasjerar, post og varer om bord i dampbåten. Etterkvart som transportmåten vart ein vanleg del av samferdsla, kom det både kaier og pakkhus/bryggjer i hamnene.

Både samtid og ettertida synest vere samde om at det var eit stort framsteg då "Dampen" kom, og ein såg det vart konkurransen om å få dampskipsanløp. I Fræna vart det etablert ekspedisjon, dei første på Tornes og Bjørnsund, dei andre kom etterpå.

Harøysundet Dampskepspedisjon tok imot postbåten Åndalsnes - Kristiansund og Molde «utasunds». Postførande båt hadde starta med anløp alt i 1895. Den tida var det også stor trafikk av dyr. Når båten kunne legge inn til kai var det lett å få om bord både hestar og kyr, noko som gjorde at Harøysundet Dampskepspedisjon blei mykje brukt.

Dampskepsmottaket i Sylteosen står framleis. Huset er renovert av Fræna Sogelag.

6.12.2.2 Fyrstasjonar og fyrlykter

I 1870 vart det bygd ei fyrbygning nord på Moøya, den ytste av Bjørnsund øyane. I 1898 vart det bygd fjøs og i 1918 kom maskinhus, assistentbustad og arbeidsbrakke. Det vart montert tåkesignal og kompressorar som var i drift til fyrstasjonen fekk elektrisk straum i 1948. Uthusa vart rivne i 1960, det eine sett opp att som naust på Hjellskjæret. Det vart òg sett opp nytta uthus og naust med kai ved moloen i hamna.

I 1890 vart Harøyodden fyrlykt etablert for betre å sikre trafikken i den indre skipsleia og innseglinga til Harøysund hamn. Fyret stod på same staden som no, men det utgjorde berre den øvste delen av noverande lykt, dvs. sjølve fyrlykta. Lykta var altså plassert direkte på bakken. Fyret var oljefyrt (drivstoffet var olje). I 1933 gjekk ein over frå olje til gass, og huset under sjølve fyrlykta vart då bygd (med form som ei firkanta avkorta pyramide). Fyrvesenet stod for denne bygginga.

Rutetabell Dampskepsmottaka

	Rute 18 A. Molde—Utensunds—Fræna—Harøy—Molde.			
	18 A 1 Mandag Onsdag Fredag	18 A 8 Tirsdag	18 A 5 Lørdag	
				18 A 2 Mandag Onsdag Fredag
Fra Steinhann				Fra Molde
Finney	5.30 fm.	-	-	4 em. 4 em. 4 em.
Sandy	5.45 -	-	-	5.15 -
Oea	6.15 -	-	-	6.30 -
Orta	7 -	-	-	6.45 -
Raknesjørde	7.45 -	-	-	6.45 -
Raknes (Rakvaag)	8 -	-	-	7.30 -
Aukra	9 -	-	-	7.30 -
Sundsbø	9.30 -	-	-	8 -
Rosevågen	-	4 fm. 4 fm.	-	8.30 -
Rindal	-	4.15 -	4.15 -	8.30 -
Sporem	-	5 -	-	9.45 -
Bjørnsund S.	-	-	5 -	9.45 -
Bjørnsund N.	-	-	5.15 -	-
Bid	-	-	5.45 -	-
Hareystrand	-	5.45 -	6 -	-
Nyhavn	-	6.15 -	6.30 -	-
Tornes i R.	-	6.45 -	7 -	-
Eidsvogen	-	6.50 -	7.45 -	-
Sylteosen	-	7.45 -	8 -	-
Aurøsen	-	8.30 -	8.45 -	-
Gjendemavoren	-	9.15 -	9.30 -	-
til Molde.....	[10.15 -]	[10.30 -]	[10.45 -]	Der går skib fra Steinhann til Alesund hver mandag, tirsdag, onsdag og lørdag kl. 4 fm., og ankommer skib til Sørsiden fra Alesund hver mandag, tirsdag, fredag og lørdag aften. (Se Rute 9 A).
				i) Mandag og fredag aften går skipet straks fra Steinhann til Rosevåg for å innta rute 18 A 3 og 18 A 5 tirsdag kl. 4 fm.



Dampskepsmottak Syltevorpa



Fyrlykta i Askvågen

6.13 Lause kulturminne

Det er ikkje gjort eiga kartlegging av lokale lause kulturminne. Dei fleste er i privat eige, men det er samla enkeltgjenstandar gjeve som gåver og lagra i lokale som t.d. gamle Malme skule, Tusenborg, Søre Bjørnsund museum og Heimdalstunet.

Mange av innsamla lause kulturminne er òg å finne på Romsdalsmuseet.

7 Korleis tek vi vare på kulturminna

Ei kulturminneplan er eit godt utgangspunkt for å ta kulturarven aktivt i bruk. Utover politisk semje og administrativ forankring i kommunen er det vesentleg å trekke med frivillige lag og foreiningar i tillegg til private eigarar av definerte kulturminne.

I Fræna har det i ei årrekke vore arrangert kulturminnevandringar der folk i alle aldersgrupper er med for å høyre om og oppleve kulturminna vi har i kommunen. Det har òg vore prøvd å komme meir inn i skulane for å sikre at dei neste generasjonane blir kjent med kva som finst av kulturminne lokalt. Ved å bruke den lokale kultursekkjen kan ein i samarbeid med skolane og skuleledelsen få tilpassa opplegget til rette alderstrinn i forhold til læreplanar.

7.3 I planperioden

Det er viktig at handlingsdelen for kommunedelplan for kulturminne blir kjent, forstått og integrert i alle deler av kommunen si verksemd. Kommuneadministrasjon og politikarar bør ha kjennskap til innhald og føresetnader for plana for å kunne følge opp planformåla innan sine ansvarsområde.

Vi ser at det ligg eit stikkje arbeid i å samordne kulturminneplanane for Fræna og Eide fram mot Hustadvika kommune. Kulturminneplan i Eide for tidsperioden 2017-2021 vart vedteke våren 2016.

7.4 Lokalt arkiv og oppbevaring

Det er ei stor utfordring at kommunen ikkje har noko egna lokale til lagring av historiske dokument. Kommunale protokollar vert sendt til IKA (Interkommunalt arkiv) for Møre og Romsdal, mens protokollar frå lag og foreiningar ofte blir lagra hos privatpersonar. Ein må sjå på korleis ein best kan sikre historiske dokument for ettertida.

7.5 Handlingsdel kulturminne

Basert på kartlegging gjort i 2016/2017 er der sett opp ein prioritert handlingsdel for kulturminna i kommunen. Oppstillinga er laga etter kategoriane beskrive i planprogram og i kapitelet om kunnskapsgrunnlaget i kapittel 7 og er eit vedlegg til kommunedelplan for kulturminne.

Kommunedelplan for kulturminne blir integrert i vidare kommunal planlegging og verksemd ved bruk av tiltak som gjer det mogleg å innfri målsetningane med plana. Plana bør rullerast kvart år, gjerne samtidig med kommunen sitt handlingsprogram og økonomiplan.

Handlingsdelen inneholder tiltak for å bevare, forvalte, formidle og bruke kulturminne og kulturmiljøa i kommunen. Tiltaka er systematisert og konkretisert i vedlagt handlingsdel til kommunedelplanen for kulturminne.

I handlingsdelen lister vi opp tiltak av ulik karakter tilpassa det enkelte kulturminne: Døme på tiltak som er aktuelle:

- Skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne for ulike grupper
- Istandsetting
- Tiltak retta mot ulike målgrupper, for eksempel barn og unge
- Nye registreringar og formidling av disse
- Publisering og formidling av plana til publikum
- Oppfølging med omsyn- soner i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplanar
- Kommunal støtteordning for verneverdige bygningar/kulturminne
- Utarbeiding av vegleiar om byggeskikk
- Oppdatering og/eller klassifisering av SEFRAK-registrerte bygningar
- Frita verneverdige bygg for eigedomsskatt

Handlingsdel for kulturminne er å finne i vedlegg 2 til kommunedelplan for kulturminne.

8 Arkiv, bibliotek og museum

8.3 Arkiv, bibliotek og museum

8.3.1 Fotoarkivet

Kommunen har gjennom Bygdeboknemnda hatt innsamlingar av bilete frå folk til bygdebokarbeidet. Det har vore gjennomført ulike utstillingar med bileta, den siste ved Fræna Frivilligsentral på temaet «Kvinner i kvar dag og fest». Krigspassarkivet er skanna og blir oppbevart i kommunen.

Det finst mange negativ, foto og dias i fotoarkivet, mellom anna samlingar frå lokale fotografar som er gjeve til kommunen. Dei fleste er skanna og digitalisert. Bileta er brukt i bygdebøkene og årbøkene «Gammalt frå Fræna». Det er viktig at fotoarkivet vert sikra på ein egen stad for trygg lagring.

8.3.2 Stadnamninsamling /kart

Lister med innsamla stadnamn som er merka på kart er digitalisert.



Det gamle bokskåpet til sokneprest Jervell, det første bibliotek i Fræna

8.4 Bibliotek

Presten Josef Jervell (1813-1885) var opptatt av opplysning til folket og starta det første biblioteket i Fræna: «Fræna Almugebibliotek», etablert i 1862. På Fræna Folkebibliotek står eit gammalt bokskap frå den tida med böker heilt tilbake til 1850-åra.

Fræna folkebibliotek tek òg vare på ei lokal samling böker testamentert til sogelaga i Fræna frå lokalhistorikar Marius Sandvik.

8.5 Formidling

8.5.1 Årbøker «Gammalt frå Fræna»

Kommunen har i samarbeid med dei 3 sogelaga i kommunen; Bud-, Hustad- og Fræna sogelag, samla historie og bilete frå kommunen sidan 1981. Dette har resultert i over 8500 sider med lokalhistorisk materiale om livet og folket i kommunen. Bøkene blir gjeve ut kvart år til jul og er etterspurt over heile landet.

8.5.2 Bygdebokarbeid

Det er til no ferdigstilt 5 bygdebøker i Fræna, frå gardsnr. 1 til og med 48, og det er like mange att før arbeidet er fullført. Bok nr 6 er under arbeid. Alle böker utgjeve t.o.m. 2014 er digitalisert og lagt ut.



Eit utval av Gammalt frå Fræna

8.6 Museum

Det er fleire samlingar i Fræna, nokre av dei er i offentleg eige, mens andre er i privat eige eller styrt av lag/organisasjonar.

8.6.1 Museet på Ergan

Ergan Kystfort er eit krigshistorisk museum frå andre verdskrig og er ein del av Romsdalsmuseet. Anlegget er eit tysk krigsfort som er restaurert. Fortet omfattar anlegg i fjell med kommandosentral, feltkjøkken, proviantlager, soldatkvarter, sjukestue, vasstank og ei mengd tunellar. Her er våpen, utrustning og tekniske installasjonar i tillegg til personleg utstyr.

Ergan Kystfort blei bygd av tyskarane under okkupasjonen av Norge i krigsåra 1940-1945 og var ein del av Atlanterhavsvollen, Hitler sitt omfattande forsvarsverk som gjekk frå spanskekysten til Russland. Frå Ergan kunne tyskarane kontrollere skipstrafikken opp og ned Hustadvika, som var ein del av hovudleia langs Norskekysten. På det meste var det omlag 350 tyske soldatar i Bud, men talet varierte.

I to etasjar kan ein sjå fiskeværet Bud si historie, arkeologi frå Hustadvika med vrakfunn og gassproduksjonen frå Ormen Lange. Det er planer om noko utskifting av utstillingane.

8.6.2 Heimdalstunet på Tornes

Huset var bygd ved årsskiftet 1800-1900 i såkalla «sveitserstil» og var frå først av bustadhus. Frå 1922 vart huset nytta til aldersheim i Fræna fram til 1974, seinare til ymse formål som t.d. barnehage. I 1998 vart det stifta eit museumslag med mål om å bygge opp eit bygdemuseum. Huset har fleire utstillingsrom som er utstyrt for ulik bruk.

8.6.3 Søre Bjørnsund Museum

Samlinga vart opna i 1997 med eige styre underlagt Søre Bjørnsund Vel. Det er i dag registrert i overkant av 1000 gjenstandar som anten er gjeve som gave, utlånt eller kjøpt av museet. Det er lagt stor vekt på formidling av lokalhistorie med informasjonsplakatar både inne på museet og ute på øya. Styret arbeider for å få sett opp eit nytt naust for betre å ta vare på enkelte gjenstandar som treng betre lagringsforhold. Hovudaktivitet for Søre Bjørnsund Museum er Kystkulturhelga som har vore arrangert i snart 10 år.



Søre Bjørnsund Museum – funn i fjøra

9 Definisjonar og ordforklaringer (RA, 2012)

Kulturminne - alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Uttrykket omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Automatisk freda kulturminne – er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande bygverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

Faste kulturminne – er kulturminne som er jord- eller stadfesta. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne – kulturminne som kan flyttast.

Immateriell kulturarv – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

SEFRAK – Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Listeført – Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

10 Kjelder/Foto

Informasjon til kulturminneplana er i stor grad henta frå årstidsskriftet «Gammalt frå Fræna». Her er alle bøker utgjeve t.o.m. 2014 lagt ut. På heimesida til «gammalt frå Fræna»: www.gammaltff.no er det lagt ut kopling til artikkeloversikt som egnar seg godt for å finne meir informasjon om det som er tatt med i plana. På same side finn ein også jubileumsskrifta for Vågøy og Myrbostad kyrkjer.

Utforming av kulturminneplana er basert på rettleiing og anbefalingar gjeve av Riksantikvaren og Møre og Romsdal Fylkeskommune. I tillegg har arbeidsgruppa sett på eksempel frå andre kommunar for å få gode idear til ei plan som kan gje godt grunnlag for vidare vurderingar og utarbeiding av handlingsdela.

Foto brukta i kulturminneplana er tatt av:

- Anne Holen Helseth
- Steinar Helseth
- Åse Grete Farstad
- Sigmund Julshamn
- Palmer Sjåholm
- Fotoarkivet i Fræna
- Fotoarkivet hos Romsdalsmuseet

11 Vedlegg

11.3 Vedlegg 1: Kulturminne i Fræna, registrert i 2016-2017

11.4 Vedlegg 2: Handlingsdel for kulturminne